

HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Komite for næring, kultur og idrett
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 12.09.2016
Tid: 16:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Fosnavåg, 05.09.16

Stig Arne H. Sævik
leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 52/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 53/16	Protokoll frå førre møte
PS 54/16	Referatsaker
PS 55/16	Forprosjekt for mogleg etablering av nordisk nettverk for stad- og identitetsutvikling med vekt på kultur
PS 56/16	Vangen Handel - søknad om støtte frå kommunalt næringsfond
PS 57/16	Tildeling av driftstilskot av kultumidlar - 2016
PS 58/16	Søknad om kulturmidlar - eingongsinvesteringar/prosjekt, Fiskarkona og døtrene hennar - eit 100 årig kvinneminnealbum
PS 59/16	Søknad om kulturmidlar - eingongsinvestering/prosjekt, "Nei til mobbing"
PS 60/16	Søknad om kulturmidlar - kurs, Herøy Mållag
PS 61/16	Prosjekt 51408 - Einedalen skule - fleirbrukshall - byggeprogram
Referatsaker	
RS 5/16	Varsel om oppstart av planarbeid for Tarberg hytteområde 62/2.
RS 6/16	Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning - innreiing av klubblokale, Gurskøy Idrettslag

PS 52/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 53/16 Protokoll frå førre møte

PS 54/16 Referatsaker



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2016/1009
		Arkiv:	075

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
55/16	Komite for næring, kultur og idrett	12.09.2016
	Formannskapet	20.09.2016

FORPROSJEKT FOR MOGLEG ETABLERING AV NORDISK NETTVERK FOR STAD- OG IDENTITETSUTVIKLING MED VEKT PÅ KULTUR

Tilråding:

Komiteen for Næring, kultur og idrett gir si tilslutning til deltaking i forprosjektet til «Made in Klaksvik» slik føreslått.

Forprosjektet er planlagt gjennomført i 2016, og formålet er å avklare om det er grunnlag for å delta i eit tre-årig nordisk nettverkssamarbeid som skal arbeide for auka positiv innverknad på bulyst, stad- og identitetsutviklinga i samarbeidskommunane, med vekt på kultur.

Særutskrift:

«Made in Klaksvik» v/ Jógvan A. Joensen
Kulturleiar

Vedlegg:

[Made in Klaksvík – á skandinaviskum \(prosjektbeskrivelse\)](#)

[Made in Klaksvík \(presentasjon av prosjektet\)](#)

Saksopplysningar:

I juni 2016 vart Herøy kommune ved kulturavdelinga kontakta av Jógvan A. Joensen som har det overordna ansvaret for prosjektet «Made in Klaksvík», med spørsmål om Herøy kommune vil delta i eit forprosjekt for å vurdere å inngå i eit tre-årig nordisk nettverkssamarbeid som skal arbeide for auka positiv innverknad på bulyst, stad- og identitetsutviklinga i samarbeidskommunane, med vekt på kultur.

«Made in Klaksvík» har etablert kontakt med Klaksvík kommune sin;

- leiar for næringsutval, Óluvá Klettskarð
- leiar for kulturutval, Signhild Johannesen
- kultur og næringssjef, Palli Ziskason

Seinare kan det vere aktuelt å involvere ordføraren i Klaksvík Jógvan Skorheim og rådmannen Tummas Eliassen.

Frå prosjektbeskrivelsen:

«Med projektet Made in Klaksvík vil vi beskrive den markante kunstneriske og kulturelle ændringa af det færøske samfund, der udfoldede sig i tiden efter frihandelens indførelse i 1856, og på innovativ vis formidle det ud til en nordisk offentlighed. Rammerne for projektet er de ikoniske handelsbygninger i Klaksvík fra 1838, her dei kulturhistoriske ændringane har udspillet sig. Selve projektet bliver baseret i eit nordisk netværk og udvikles i samarbejde mellem aktørene. Indholdsmæssigt vil vi fokusere på at finde, beskrive og formidle de mest markante kulturelle udviklingstræk i tiden efter frihandelen.»



Historisk bilete frå Klaksvík med handelsbygningane frå 1838 i forkant av biletet. I dag husar den gamle handelsstaden m.a. Museet for Nordøyanne.

Initiativtakarane ser vidare føre seg at resultatet av det nordiske nettverkssamarbeidet, med utgangspunkt i sentrale fakta, skal formidlast med høg kvalitet innhald og framføring gjennom tradisjonelle plakat- og tekstutstillingar, førelesingar, teater og litteraturformidling som vert basert på nokre av dei sentrale personane og historiske hendingane frå perioden, samt utviklinga av musikken i same periode. Det er også ynskjeleg å etablere ein «culture lab» for elevar i skulen slik at dei sjølve kan delta i- og med kulturuttrykk.

Forventa resultat

Ei synleggjering og varetaking av kulturhistoria på ein innovativ måte som har verdi både i undervisnings- og reiselivsøyemed for skape auka bulyst, samt stad- og identitetsutvikling. Arbeidet skal skje basert på dei historiske spora som er bevart for ettertida.

Organisering

I forprosjektperioden vert det føreslått eit gjensidig delegasjonsbesøk for 3-5 personar. Besøka har som mål å avklare om det er grunnlag for vidare samarbeid, samt evt. utforming av mandat og konsept for prosjektet. Forprosjektet skal gjennomførast i 2016.

For hovudprosjektet skal prosjektmandatet og konseptet utviklast i eit samarbeid mellom dei involverte aktørane. Det er òg ynskjeleg å involvere ein tredje aktør frå ei av dei britiske øyane. I tillegg til den overordna prosjektleiinga, skal det etablerast eit nettverk av kunstnarar for medverking og realisering av prosjektet.

Lokale samarbeidspartar

Kulturleiar har gitt ei kort beskriving av prosjektet til utviklingsleiar, ein representant for næringslivet med etablert kontakt på Færøyaner, samt til dagleg leiar for næringsforeininga. Alle har stilt seg positive til vidare samtalar og bidrag. Andre potensielle ressurspersonar og samarbeidspartar vil bli involvert dersom kommunen ynskjer å ta del i forprosjektet.

Økonomi

Det skal søkjast startmidlar frå Nordisk Kulturfond. Resten av kostnadane er tenkt dekt av involverte og frå allereie vedteke budsjett for kulturavdelinga for 2016. Eit evt. hovudprosjekt er tenkt finansiert med ein kombinasjon av midlar frå Nordisk Kulturfond og andre aktuelle tilskotsordningar. Det vil vere naturleg å vurdere ein mogleg lenke til det pågåande byutviklingsprosjektet.

Fakta om Færøyaner

«Færøyaner, øygruppe i det nordlige Atlanterhav, mellom Skottland og Island, cirka 600 kilometer vest for Bergen. Færøyaner består av 17 bebodde øyer og tallrike, for det meste utilgjengelige småøyer. Øyaner har siden 1948 vært en selvstyrt del av Danmark. Hovedstad er Tórshavn. Færøyanerens befolkning er overveiende av norsk avstamning (noen av keltisk), og er etterkommere av norske nybyggere på 800-tallet. Av innbyggerne er 97,5 prosent danske statsborgere. Bosetningen ligger ved fjorder og sund med muligheter for fiske og jordbruk. Offisielle språk er færøysk og dansk. I det danske Folketinget har Færøyaner 2 representanter. Etter hjemmestyreløven av 1948 er det utstrakt indre selvstyre på Færøyaner. Landets uavhengighet understrekes blant annet av eget flagg og medlemskap i Nordisk Råd siden 1970. Til tidlig på 1900-tallet var Færøyaner et jordbrukssamfunn. De fleste levde av sauehold, kystfiske og fuglefangst. I dag er Færøyaner en fiskerinasjon med fiskeforedlingsindustri. Fisket er kyst- og havfiske. Halvparten av fangsten tas i færøyske farvann, resten ved Island, Norge, i Nordsjøen og i EU-farvann. Eksporten fra fiskerisektoren utgjør 98 prosent av den totale eksporten. Oppdrettsnæringen er Færøyanerens nest største eksportnæring etter fiskeri. Omkring 950 grindhvaler fanges årlig og utgjør cirka 25 prosent av kjøttforbruket på øyaner. Importen av olje er betydelig; denne brukes til drivstoff og til omforming til elektrisk kraft.» (Store Norske Leksikon)

Vurdering og konklusjon:

Færøyane og Norge har relasjonar både historisk, kulturelt og i næringsliv-samanheng. Både Klaksvik og Herøy er store fiskerikommunar, og særleg to aktørar i vår kommune har tett næringslivssamarbeid på Færøyane. Med dette som utgangspunkt, i tillegg til moglegheit for å bygge nettverk, utvikle kulturarbeidet og med det skape auka bulyst, stad- og identitetsutvikling i Herøy, er gode argument for å vurdere eit samarbeid i vesterled.

Samarbeid og nettverksbygging over landegrenser finn vi både innan næringsliv, institusjonar, lag og organisasjonar og det offentlige. Desse kan ha både sosialt og fagleg fokus, samt at vi finn mange eksempel på humanitære hjelpetiltak ved bl.a. krig og katastrofar. Tradisjonen med venskapskommunar har eksistert i Norge sidan slutten av 1930-talet, og mange kommunar har inngått venskapsavtalar med nokon lunde likearta kommunar i eitt eller fleire andre land. Ved å knyte kontaktar mellom menneske kan ein bidra til å byggje identitet der folk bur, arbeider og lever og bidra til at eigen kultur kan få ei djupare mening for folk flest både i fest og kvardag.

Rådmannen vurderer prosjektet som interessant og viktig for den lokale historia og den vidare utviklinga Herøysamfunnet, og gir si støtte til deltaking i forprosjektet slik føreslått.

Konsekvensar for folkehelse:

I lov om folkehelsearbeid er formålet beskrive slik:

«Folkehelsearbeidet skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk eller somatisk sykdom, skade eller lidelse»

Om ein tek utgangspunkt i stad- og lokalsamfunnsutvikling; er det «å høyre til – identitet, stoltheit og kjenne eiga historie» eit viktig mål i folkehelsearbeidet. I tillegg til å kunne; medvirke, møtes og kunne bruke omgjevnadane. (Kjelde: Kyrre Kvistad, folkehelsekoordinator Nord-Trøndelag fylkeskommune ifm. Tettstedskonferansen – Stedsutvikling, folkehelse og universell utforming.)

Konsekvensar for beredskap:

Ingen kjende.

Konsekvensar for drift:

Ingen ut over allereie vedteke budsjett for 2016.

Fosnavåg, 03.09.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Eileen Gjerde
Kulturleiar

Sakshandsamar: Eileen Gjerde



Made in Klaksvík

Made in Klaksvík var etablert i 2015 med formålet at få etablert eitt nordisk nettverk.

Made in Klaksvík har adresse i Handelsstad frá 1838, som i dag er Museum for dei seks øyane i austlige del av Færøyane.

Made in Klaksvík har etablerte ein lokal kulturverkstad her.

Med utgangspunkt i vår regionale kulturhistorie, forteljingar m.m. , har vi pr d.d. vist at det er fullt mogleg lokalt å samle unge og eldre til å produsere ny musik, teater m.m. Nye produkter som har positiv inverknad på stad- og identitetsutvikling. Produkter som brukast i aukandi turistnæringa og underholdningsbransjen.

Med utgangspunkt i våre erfaringar har vi tru på at vi gjennom eitt nordisk nettverk kan etablere eitt 3 årigt prosjekt, som tek sikte på å stadfesta at nordiske nettverk, kan ha positiv inverknad på stad- og identitetsutvikling i samarbeidskommuner frå Færøyane, Noreg og ein av dei britiske øyane!

Korleis kan vi med utgangspunkt i vores felles historie og våre lokalhistoriske særtræk etablere eit nettverk?

Er det mogleg på ovanfor nevnte grundlag å få etablert prosjekter som kan presenterast for samarbeidskommunane?

Korleis kan vi bruke erfaringer til nye prosjekter og/ eller produkter? Kan nettverket være med på å utvikle nye tiltak?

Made in Klaksvík

Projektbeskrivelse

Med projektet Made in Klaksvík vil vi beskrive den markante kunstneriske og kulturelle ændring af det færøske samfund, der udfoldede sig i tiden efter frihandelens indførelse i 1856, og på innovativ vis formidle det ud til en nordisk offentlighed.

Rammerne for projektet er de ikoniske handelsbygninger i Klaksvig fra 1838, her dei kulturhistoriske ændringane har udspillet sig.

Selve projektet bliver baseret i eit nordisk netværk og udvikles i samarbejde mellem aktørerne.

Indholdsmæssigt vil vi fokusere på at finde, beskrive og formidle de mest markante kulturelle udviklingstræk i tiden efter frihandelen. Vi vil se nærmere på:

- centrale facts i udviklingen, der bliver formidlet i en plakat/tekst udstilling, kaldet historien i lyset, som bliver supleret op med en forelæsning af høj indholds- og entertainmæssig kvalitet - skuespil og litteratur, der er baseret på nogle centrale historiske hændelser og figurer fra perioden - udviklingen af musikken i samme periode

Derudover bliver en del af Made in Klaksvík et culture lab, der retter sig mod skolerne og hvor eleverne får mulighed for selv at deltage i det kulturelle univers med fremstilling af forskellige håndlavede genstande, skrive med datidens skriveudstyr og formidle med datidens broadcast muligheder.

Made in Klaksvík kommer at køre i en 2-3 års periode med fokus på udvikling, netværk og nordisk samarbejde, og historie, skuespil, litteratur, musik og culture lab.

Helt konkret skal historien frem i lyset og skrives og arrangeres således, at den m.a. danner grundlag for forskellige forestillinger.

Forventede resultater

Det er vores dedikerede formål at få vores kulturelle historie aktiveret på innovativ vis som et værdifuldt aktiv i undervisnings og tourism øjemed. Dette aktiv skal baseres på de historiske spor, som er blevet bevarede for eftertiden, som for eksempel de gamle handels bygninger i Klaksvig.

Beskrivelse af projektets gennemførelse og organisering


Projektet bliver konceptuelt udviklet i et samarbejde mellem Herø Kommune med borgere i Klaksvig kommune som initiativtagere. Foruden den overordnede projektledelse, som ligger hos ansøger, bliver et netværk af kreative kunstnere etableret, som skal medvirke direkte i realiseringen af projektet.

Beskrivelse af partnerne og de enkelte partners rolle i projektet

Leigetakar i Museet for Nordøyanen Sp/f Leikalund v/Jógvan Andrias Joensen, har det overordnede projekt ansvar og ansvar for rammerne omkring Made in Klaksvík.

Projektleder Rani Nolsøe skal forfatte manuskriptet til Made in Klaksvík og stå for den konkrete organisering af de enkeltstående fremvisninger i projektet.

Netværket af kreative kunstnere kommer at bemande forestillingene med skuespillere, musikere, scenograf, koreograf, lyd/lysfolk, instruktør m.v.



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2016/871
		Arkiv:	243

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
56/16	Komite for næring, kultur og idrett	12.09.2016

VANGEN HANDEL - SØKNAD OM STØTTE FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND

Tilråding:

Komite for næring, kultur og idrett løyver eit tilskot på inntil 22.500 kr frå det kommunale næringsfondet til Vangen Handel til marknadsføring og profilering.

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2017. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det kommunale næringsfondet.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med

retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling.

Tilskotsmottakaren må skriftleg akseptere at tilskotet er mottatt på dei vilkåra som gjeld.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av kommunale næringsfond og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka.

Særutskrift:

- Stian Vangen Kopperstad
 - Utviklingsavdelinga
 - Økonomiavdelinga
- Lisjebøvegen 31 6091 Fosnavåg

Saksopplysningar:

Stian Vangen Kopperstad søker om støtte frå kommunalt næringsfond for å marknadsføre og profilere verksemda Vangen Handel.

Grunnlaget for tildeling av midlar frå næringsfondet er retningslinjer frå Møre og Romsdal fylkeskommune av 03.03.2015

Forhold som må vurderast i tilknytning til nemnde retningslinjer er mellom anna om eit tilskot til bedrifta er utløysande for tiltaket. I retningslinjene heiter det i pkt. 2 i retningslinjene:

«Støtte frå kommunalt næringsfond skal ha ein utløysande effekt. Det betyr at midlane skal bidra til at tiltak som elles ikkje ville ha blitt gjennomført, blir realisert. Det er ikkje tilstrekkeleg at støtte frå næringsfondet bidrar til å oppretthalde eit tilbod.»

Herøy kommune er i sone II i det geografiske virkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte og kan ikkje gje investeringsstøtte til enkeltbedrifter.

Kommunen kan likevel gje støtte til bedriftsretta kompetansehevingstiltak, t.d. profilering/merkevarebygging, kurs, seminar, nettverksbygging, konferanse, bedriftsutvikling, produktutvikling, konsulenthjelp eller liknande.

Det skal dessutan vurderast om tilskot vil kunne oppfattast som urettmessig konkurransevridande i høve til andre verksemder i same eller samanliknbare bransjar.

I ANS-sak 3/08 vart det gjort slikt vedtak i pkt. 3:

"Når det gjeld spørsmål om konkurranseforhold i høve til alt etablerte verksemder så skal dette vurderast i høve til det geografiske området der den nye verksemda er forventa å ha storparten av kundemassen sin og det skal også takast omsyn til om dagens tilbod innan ein aktuell bransje er basert på monopol eller monopolliknande tilstand."

Støtte skal ikkje utgjere meir enn halvparten av dei kostnadene som er rekna inn i støttegrunnlaget, maksimalt kr 150.000,-. For verksemder som får refundert moms, skal støttegrunnlaget reknast av kostnaden utan moms. Kommunen kan vurdere ein høgare finansieringsandel (inntil 75 %) for nyetablerarar.

Vurdering og konklusjon:

Stian Vangen Kopperstad søker om 45.000 kr i støtte frå kommunalt næringsfond til marknadsføring og profilering av verksemda Vangen Handel.

Rådmannen meiner tilskot frå næringsfondet vil ha ein utløysande effekt på gjennomføringa av planlagd aktivitet jf. retningslinjene punkt 2. Profilering og marknadsføring er i tråd med retningslinjene punkt 5 og kan støttast gjennom kommunalt næringsfond.

Den totale kostnaden i søknaden er estimert til 45.000. Tidlegare praksis i Herøy kommune og brev frå Møre og Romsdal fylkeskommune datert 1.3.2016 tilseier at det kan gjevast tilskot opp til 50% av den totale kostnaden, inntil 150.000 kr.

Rådmannen viser til regelverket for kommunalt næringsfond og rår til at søknaden vert imøtekomen med inntil 22.500 kr.

Fosnavåg, 04.07.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

Søknad

Søknadsnr.	2016-0011	Søknadsår	2016	Arkivsak
Støtteordning	Kommunalt næringsfond			
Prosjektnavn	Bistand til profilering			

Kort beskrivelse

Ønsker å dra mitt foretak på web med forenklet forespørsler og bestilling.

Prosjektbeskrivelse

Vangen Handel org 996655652 startet i 2011 med over 1 mill i omsetning den gang.

Pr dato er dette falt drastisk med 80%.

Selger felger og dekk pakker og er krevende da netto pr sett er anslagsvis kun fra 500 ,- til 2500 ,- inkl mva.

Å bli tilgjengelig pr web vil kunne øke salget og vise hva som kan tilbys uten å sende frem og tilbake 10-20 e-poster.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Vangen Kopperstad, Stian Org.nr:996655652	Lisjebøvegen 31 6091 FOSNAVÅG	95461933
Kontakt- person	Stian Vangen Kopperstad	Lisjebøvegen 31 6091 FOSNAVÅG	95461933
Prosjekt- leder	Stian Vangen Kopperstad	Lisjebøvegen 31 6091 FOSNAVÅG	95461933

Mottatt offentlig støtte tidligere: Nei

Spesifikasjon

Bakgrunn

Oppstart 2011

Hold 2015

Oppstart drift 2016

Prosjekt mål

Heve synlighet og tilby lokalt da veldig mye av denne trafikken går via Oslo / Trondheim region.

Forankring

Lokalt - privat garasje for øyeblikket.

Prosjektorganisering

En eier / foretak : Stian Vangen Kopperstad

Samarbeidspartnere

USA - Europa og Felgimport/Bilprodukter på Østlandet.

Aktiviteter

Salg av dekk og felg.

(Tidligere også bilpleie)

Målgrupper

Bil miljøet fra 18 - 75 år

Resultat

Pr dato er resultatet synkende.

Effekter

Facebook er min mest positive og effektive kanalen jeg bruker pr dato.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Avhengig av bistand må priser og tjenester hentes inn. Vet om 2 firmaer lokalt som kan bidra med dette her.

Kostnadsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
	35 000	5 000	5 000			45 000
Sum kostnad	35 000	5 000	5 000			45 000

Finansieringsplan


Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Herøy kommune	35 000	5 000	5 000			45 000
Sum finansiering	35 000	5 000	5 000			45 000

Geografi

1515-Herøy

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Firma attest Vangen Handel.pdf	86 578	13.06.2016



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	LU	Arkivsaknr:	2016/219
		Arkiv:	223

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
57/16	Komite for næring, kultur og idrett	12.09.2016

TILDELING AV DRIFTSTILSKOT AV KULTUMIDLAR - 2016

Tilråding:

1. Kulturmidlane er fordelt på kategoriar Barn og unge, Song og musikk, Idrett etter vedlagt liste over tildeling.
2. Tilskotet vert utbetal over post
 - Barn og unge, 14700. 4011. 231.
 - Idrett, 14700. 4011. 380.
 - Song og musikk, 14700. 4011. 377.

Tildelinga er utrekna ut frå retningsliner for tildeling av kulturmidlar.

Særutskrift:

Søkjjarar til kulturmidlar – driftstilskot Born og unge – Idrett – Song og musikke 2016
Økonomiavdelinga - Geir Egil Olsen

Vedlegg:

- 1 Lister over tideling, song/musikk, born/ unge og Idrett

Saksopplysningar:

Fordelingsnøkkel for driftstilskot frå kulturmidlane er:

Born og unge skal prioriterast. Der laget har medlemmar både over og under 20 år, vert også medlemmar over 20 år teke med i utrekninga, men medlemmer under 20 år vert då vekta dobbelt i forhold til medlemmar over 20 år. Organisasjonar med tradisjonelt berre medlemmar over 20 år, kan ikkje søkje om driftstilskot.

For tilskot barne- og ungdomsorganisasjonar:

- Barneforeiningar får ein grunnstønad på kr. 500,- og driftsstønad på kr. 50,- pr. deltakar fastsett etter frammøteliste. Det var 1 søknad om tilskot fordelt på 18 born og 2 vaksne.
- Lag som driv reint barne- og ungdomsarbeid får ein grunnstønad på kr. 1000,-. I tillegg ein driftsstønad på kr. 80,- pr. deltakar. Medlemslister skal leggst ved. Frammøtelister kan vurderast/ godkjennast. Det var 6 søknadar i denne kategorien fordelt på 172 born og 82 vaksne.
- Interkommunal verksemd kan få ein grunnstønad på kr. 400,- i tillegg ein driftsstønad på kr. 50,- for medlemmar frå Herøy. Det kom inn 2 søknadar som driv interkommunal verksemt. Det vert gitt til 1 søkjar, fordelt på 3 born. Eine søkjaren har ikkje born under 20 år og får difor avslag.
- Avsette midlar til barn og unge, samt interkommunal verksemt er kr. 60 000,- til fordeling, ut frå antal søknadar vert det fordelt kr. 24 490,-.

For tilskot idrett gjeld desse prinsippa:

- Tilskotet vert fastsett etter medlemstal. Medlemslister skal leggst ved per 31.12. jfr. Idrettsregistreringa. Det kom inn 4 søknadar, avsett kr. 95.000,- til fordeling på totalt 822 medlemmar. Tildelt kr, 95 000,-

For tilskot song og musikk gjeld desse prinsippa:

- Tilskotet vert fordelt mellom søknadane slik at instrumentale grupper vert vekta i forhold til kor 5:1. For dei korpsa som har dirigentsamarbeid, skal dette tilskotet tildelast samla, og deretter delast etter dividende på talet på medlemmar. Medlemslister skal leggst ved. Det var 5 instrumentale grupper og eit kor som søkte. Fordelt på 780 born og 111 vaksne. Avsett kr. 80 000,- brukt kr. 79 996.

Vurdering og konklusjon:

Kulturmidlar 2016 er fordelt ut frå retningslinjer for tildeling vedteke av hovudutvalet for kultur i KU-sak 02/97 F-sak 21/06, i F-sak 63/08 og sist i F-sak 75/11.

Søknadar for Barn og unge, Idrett, Song og musikk inneheld naudsynt dokumentasjon som medlemslister, frammøtelister og budsjett.

Tiltak for barn og unge skal prioriterast. Dei innvilga søknadane har alle medlemer under 20 år.

1 søknad frå interkommunal verksemd har ikkje medlemmar under 20 år og får difor ikkje søknaden innvilga.

Fosnavåg, 20.06.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Eileen Gjerde
Avd.leiar

Sakshandsamar: Lene Utseth

SØKNAD OM TILSKOT TIL KULTURFØREMÅL 2016 BORN OG UNGE										
Lag/ foreining	Born	Vaksne	Tilslutning	Møtefrek.	Tilskot til	Inntekt- 15	Utgift- 15	Tilskot 15	Tilskot 16	
Herøy Dykkerklubb	22	60	N dykkerforb.	1,5 t pr vk	Drift	118352	149690	0	5160	
Myrvåg 4H	17	4	4H Norge	22 pr. år	Drift	83 340	39 182	2800	2 520	
Mulevika 4H	17	2	4H Norge	22 pr. år	Drift	37100	42435	0	2440	
Leikong Barneforeining	18	2	NMSU	14 pr.år	Drift	8375	3315	875	1450	
Indre Herøy speidargruppe	36	0	KFUK-KRUM	20 pr. år	Drift	42048	8226	0	3880	
Herøy frikyrkje speidargruppe	65	16	KFUK-KRUM	2 t. pr vk.	Drift	154280	78158	6400	6840	
Remøy Juniorlag	15	0	NLMS	12 pr.år	Drift	37024	34073	1960	2200	
Interkommunal verksemd:										
*Sunnmøre Tamilske Kultur Forening									AVSLAG	
Annai Poopathi Tamilsk kulturs.	3	0	STKFN	ca 150 t pr år	Drift	32 039	43 894			
	193	84						12035	24490	

Søndagsskular får ein grunnstønad på kr. 300,- og driftsstønad på kr. 30,- pr medlem u/ 20 år.

Barneforeiningar får ein grunnstønad på kr. 500,- og driftsstønad på kr. 50,- for medl u/ 20 år.

Lag som driv reint barne- og ungdomsarbeid får ein grunnstønad på kr. 1000,- og driftsstønad på kr. 80 for medl u/ 20 år.

Ingerkommunal verksemd kan få grunnstønad på kr. 400,-, i tillegg ein driftsstønad på kr. 50,- pr medlem frå Herøy.

Medlemmar over 20 år får ein driftsstønad på 50% av ordinær, gjeld alle kategoriane.

Frammøtelister skal/ bør leggst ved, da minimum oppmøte pr år er 3 gonger, og frammøte må synast for kvart enkelt medlem.

Det er i år totalt 9 søkjarar, men eit avslag:

*Sunnmøre Tamilske Kultur Foreining har ikkje medlemmer under 20 år og søknaden vert difor ikkje innvilga.

Gr stønad+tilegg barn+tilegg voksen

$$1000+22 \times 60+2 \times 80 / 2=5160$$

$$1000+17 \times 80+4 / 2 \times 80 \times=2520$$

$$1000+17 \times 80+2 \times 80 / 2=2440$$

$$500+18 \times 50+2 / 2 \times 50=1450$$

$$1000+36 \times 80=3380$$

$$1000+65 \times 80+16 \times 80 / 2=6840$$

$$1000+15 \times 80=2200$$

$$400+50 \times 30=550$$

SØKNAD OM TILSKOT TIL KULTURFØREMÅL 2016										IDRETT
NAMN / LAG	BORN	VAKSNE	TILSLUTNING	MØTEFREK.	TILSKOT TIL	INNTEKT 16	UTGIFT 16	TILSKOT 15	TILSKOT 16	
Bergsøy IL	596	224	NIF	260 pr år	Drift	16553453	10430917	79 080	65 300	
Tjørvåg IL	74	24	NFF	1-4 dg pr vk	Drift	1 272 180	769 935	12 055	7 932	
Gurskøy IL	115	163	NIF	280 pr år	Drift	551 500	515 540	ikkje søkt	18 124	
Moltustranda IL	36	7	NIF	1 - 4 dg pr vk	Drift	349471	365032	ikkje søkt	3644	
	821	418							95000	

Kulturmidlane for idrett er tildelt etter fordelingsnøkkel og retningslinjer vedtatt i F- sak 75/11.
 For å kunne få kulturmidlar må søknad om tilskot til kulturføremål vere levert innan fristen som er sett. Der søknaden er mangelfullt utfyllt eller manglar dokumentasjon, vert det gjeve ei påminning.
 Interkommunal verksemd kan få ein grunnstønad på kr 400,-
 Avsett midlar til idrett 2016 er kr 95. 000,-
 Totalt 822x1 + 418x0,5 =1030 medlemmar, kr 92,23 pr medl.

596x92,23+224x0,5x92,23=65300
74X92,23+24x0,5X92,23=7932
115X92,23+163x0,5X92,23=18124
36X92,23+7x0,5X92,23=3644

SØKNAD OM TILSKOT TIL KULTURFØREMÅL 2016						SONG OG MUSIKK			
	BORN	VAKSNE	TILSLUTNING	MØTEFR.	TILSKOT TIL	INNTEKT 15	UTGIFT 15	TILSKOT 15	TILSKOT 16
Einedalen skulekorps	20x5	8x2,5	NMF	1 g pr vk	Drift	210 267	129 448	15 384	10 774
Bergsøy Skulekorps	53x5	22x2,5	NMFK	6-7 t pr vk	Drift	448 455	451 974	26 922	28 730
Baluba/ Lisjefrik	60x1	12x0,5	FriBU	1 g pr 2. vk	Drift	30 064	27 232	8 846	5 926
Kvalsvik og Nerlandsøy musikkorp	24x5	7x2,5	Korpsnett No.	80 t pr år	Drift	398 624	324 119	ikkje søkt	12 345
Jøleik skulemusikkorps	23x5	5x2,5	NMF	ca 80 t pr år	Drift	323 669	384 985	14 423	11 447
Tjøråvåg - Myrvåg musikkorps	24x5	0x2,5	Korpsnett No.	ca 2 g pr vk	Drift	80 089	81 958	14 423	10 774
	780		111						79996

Kulturmidlane er tildelt etter fordelingsnøkkel og retningslinjer vedtatt i F-sak 75/11

For å kunne få kulturmidlar må søknad om tilskot vere levert innan fristen som er sett.

Interkommunal verksemd får ein grunnstønad på kr 400,-

Avsette midlar til song og musikk 2016 er kr 80 000,-

Antal born i korps er vektta 5:1, vaksne 2,5, born i song/ kor er vektta 1:1, vaksne 0,5. Totalt antal vert då delt på totalt avsette midlar.

80 000:891= 89,78 pr aktiv medlem

Vedlegg som manglar er etterspurt pr e-post

20x5+8x2,5x89,78=10774
53x5+22x2,5x89,78=28730
60x1+12x0,5x89,78=5926
24x5+7x2,5x89,78=12345
22x5+5x2,5x89,78=11447
24x5+0x2,5x128,20=10774



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2016/361
		Arkiv:	223

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
58/16	Komite for næring, kultur og idrett	12.09.2016

SØKNAD OM KULTURMIDLAR - EINGONGSINVESTERINGAR/PROSJEKT, FISKARKONA OG DØTRENE HENNAR - EIT 100 ÅRIG KVINNEMINNEALBUM

Tilråding:

1. Forteljeriet Vestafor Måne får tilsegn om tilskot på kr. 10 000 til produksjon av boka «Fiskarkona og døtrene hennar – eit 100 årig kvinneminnealbum»
2. Tilskotet kan utbetalast når det kan leggest fram kviitering for gjennomført prosjekt
3. Tilskotet skal dekkjast over post 14700.4011.377 Disposisjonspost

Særutskrift:

Forteljeriet Vestafor Måne v/Guri Aasen, Hjelmesetvegen 6 a, 6092 Fosnavåg
Økonomileiar
Kulturleiar

Vedlegg:

Kulturformål – søknad om tilskudd
Budsjett Fiskarkonebok til søknad kulturmidlar Herøy kommune
Intensjonsavtale med Vestvang bokhandel
Manusutdrag + støtteuttalar Fiskarkona
Prisoverslag frå LongOrv design pr april 2016
Prosjektskildring til søknad Herøy kommune

Saksopplysningar:

Forteljeriet Vestafor Måne ved Guri Aasen har søkt om kulturmidlar til konvertering av forteljarframsyninga «Fiskarkona og døtrene hennar – eit 100 årig kvinneminnealbum» til produksjonsarbeidet med å gi ut ei bildebok tileigna barn, ungdom og vaksne.

Framsyninga «Fiskarkona og døtrene hennar – eit 100 årig kvinneminnealbum» var i 2010 eit tingsverk frå Herøy kommune som lekk i kvinnepolitisk satsing i prosjektet "Herøyløftet", og hadde urpremiere på Herøy kulturhus 1. april 2011.

Søklar beskriv prosjektet slik:

«Bildeboka eg har under planlegging vil bestå av forteljingane og minnebiletene som den gongen utarbeidde til forteljeframsyning. Boka vil søke å lyfte fram tilveret til eit utval av dei tusenvis av kystkvinnene som gjennom tidene har hatt arbeids og yrkeslivet sitt prega av fiske og sjøfart, - desse som heldt livet på land i gong medan karane hausta havet.

Forteljingane har veksle fram frå saumfaring av eit mangfald av lokalhistoriske skrifter, bygdesoger og annan føreliggjande litteratur om kystkvinnene, samt 50 timar med samtalar tatt opp på diktafon med over tretti informantar, alle med handlingsbøren kunnskap frå eigen barndom og ungdomstid og med klare minne om mødrene og formødrene sitt strev.

Det dramaturgiske grepet har gjennomgåande bestått i å knyte fleire sine minne saman til ei forteljing samt setje dokumentarisk stoff inn i ein narrativ kontekst. Sjangeren kan definerast som forteljande sakprosa. Formatet er tenkt å vere eit album, og vil såleis verte rikt illustrert med lokale foto av kvinner og born i fisketilverkinga, fleire av dei ikkje før publiserte. Manusutkast med råtekst er vedlagt.

Ynskjemålet med bokutgjevinga er at forteljingane i vesentleg større grad enn som framsyning åleine over tid skal kunne bidra til ivaretakinga av vår kystkvinnestorie. Boka skal verte eit kulturbærande arvestykke for born og unge, også tenkt til bruk i skuleverket. Prosjektskildring og manusutdrag er vedlagt søknaden.

Som forteljar ser eg det som mi plikt å målbære stemmene til desse formødrene våre som så lite har heva dei sjølve, og med forteljingane samla innanfor to permar, vil dei frigjerast frå forteljaren sitt hovud og for alltid vende attende til dei menneska som dei tilhøyrer.»

Vurdering og konklusjon:

Søknaden frå Forteljeriet Vestafor Måne oppfyller kulturmidlane sine retningslinjer for tilskot til eingongsinvesteringar/prosjekt. Om tilskotsordninga seier retningslinene blant anna:

- Maksimumsbeløp kr. 40 000,-. Dekninga skal ikkje overstige ¼ av kostnadane.
- Før utbetaling skal det leggjast fram kvittering for gjennomført prosjekt.

Det vert gjort merksam på at retningslinene innleiingsvis beskriv at unnateke frå tilskot er reint kommersielle tiltak. Rådmannens vurdering er at sjølv om prosjektet også har ei kommersiell side, så er satsinga så viktig for dokumentasjonen av kommunen si eiga kvinnehistorie at den vert anbefalt å yte tilskot som omsøkt. Det er også svært positivt at kommunens eige bestillingsverk kan leve vidare i ei ny form for nye målgrupper og generasjonar.

Konsekvensar for folkehelse:

I lov om folkehelsearbeid er formålet beskrive slik:

«Folkehelsearbeidet skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk eller somatisk sykdom, skade eller lidelse»

Om ein tek utgangspunkt i stad- og lokalsamfunnsutvikling; er det «å høyre til – identitet, stoltheit og kjenne eiga historie» eit viktig mål i folkehelsearbeidet. I tillegg til å kunne; medvirke, møtes og kunne bruke omgjevnadane. (Kjelde: Kyrre Kvistad, folkehelsekoordinator Nord-Trøndelag fylkeskommune ifm. Tettstedskonferansen – Stedsutvikling, folkehelse og universell utformin)

Konsekvensar for beredskap:

Ingen kjende.

Konsekvensar for drift:

Ingen ut over allereie vedteke budsjett for 2016.

Fosnavåg, 02.09.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Eileen Gjerde
Kulturleiar

Sakshandsamar: Eileen Gjerde



Innsendt: 21.04.2016 13:22

Ref.nr: ZZICLU

Herøy kommune

Rådhusgata 5

Postboks 274

6099 Fosnavåg

Telefon: 70 08 13 00

Telefaks: 70 08 13 01

E-post: postmottak@heroy.kommune.no

Hjemmeside: <http://www.heroy.kommune.no>**Kulturformål - søknad om tilskudd**

Opplysninger om søker		
Søker er:		
☐ Privatperson		
☐ Virksomhet uten organisasjonsnummer		
☒ Virksomhet med organisasjonsnummer		
Org.nr.	Forening/organisasjon	Stiftelsesår
982358973	FORTELJERIET VESTA FOR MÅNE AASEN	
Adresse	Postnr.	Poststed
Hjelmesetvegen 6A	6092	FOSNAVÅG
E-postadresse		
guri-aas@online.no		
Telefon		
93606715		
Bankkonto		
6079 05 28673		
Tilknyttet fylkesorganisasjon		
Tilknyttet landsorganisasjon		
Internettadresse		
www.vestaformaane.no		

Styrets sammensetning		
Styrets leder		
Guri Aasen		
Adresse	Postnr.	Poststed
Hjelmesetvegen 6A	6092	Fosnavåg
E-postadresse	Telefon	
guri-aas@online.no	93606715	
Kasserer		
Adresse	Postnr.	Poststed
E-postadresse	Telefon	

Undergrupper		
Betegnelse undergruppe	Kontaktperson	Telefonnr.
Betegnelse undergruppe	Kontaktperson	Telefonnr.
Betegnelse undergruppe	Kontaktperson	Telefonnr.
Betegnelse undergruppe	Kontaktperson	Telefonnr.

Aktiviteter	
Foreningens/gruppens aktiviteter Forteljekunst	Brukstid/hyppighet per år Kontinuerleg
Foreningens/gruppens aktiviteter	Brukstid/hyppighet per år
Foreningens/gruppens aktiviteter	Brukstid/hyppighet per år
Foreningens/gruppens aktiviteter	Brukstid/hyppighet per år
Foreningens/gruppens aktiviteter	Brukstid/hyppighet per år

Aktive medlemmer	
Aktive medlemmer	Antall
Aktive medlemmer	Antall
Aktive medlemmer	Antall
	Totalt aktive medlemmer 0
Kommentarer	
Eg driv enkeltpersonforetak og er såleis ikkje medlemsorganisasjon.	

Medlemskontingent			
Medlemsgrupper	Antall	Kontingent	Beløp 0
Medlemsgrupper	Antall	Kontingent	Beløp 0
Medlemsgrupper	Antall	Kontingent	Beløp 0
			Sum inntekt medlemskontingent 0

Eiendommer/anlegg
Nåværende eiendommer/anlegg
Vedlikehold
Ev. planer om nyanlegg/rehabilitering

Søknad om tilskudd	
Tilskuddsordning Tilskot eingongsinvestering/Prosjekt	Søknadsbeløp 10 000
Tilskuddsordning	Søknadsbeløp
	Sum 10 000
Søknad	
SØKNAD OM KULTURMIDLAR GJELDANDE KONVERTERING AV FORTELJEFRAMSYNINGA « FISKARKONA OG DØTRENE HENNAR – EIT 100 ÅRIG KVINNEMINNEALBUM» TIL BILDEBOK TILEGNA BÅDE BARN, UNGDOM OG VAKSNE. Framsyninga var i 2010 eit tingingsverk frå Herøy kommune som lekk i kvinnepolitisk satsing i prosjektet "Herøyløftet", og hadde urpremiere på Herøy kulturhus 1. april 2011. Bildeboka eg har under planlegging vil består av forteljingane og minnebiletta eg den gongen utarbeidde til fortelje-framsyning.	

Boka vil søke å lyfte fram tilveret til eit utval av dei tusenvis av kystkvinnene som gjennom tidene har hatt arbeids- og yrkeslivet sitt prega av fiske og sjøfart, - desse som heldt livet på land i gong medan karane hausta havet. Forteljingane har vekse fram frå saumfaring av eit mangfald av lokalhistoriske skrifter, bygdesoger og annan føreliggjande litteratur om kystkvinnene, samt 50 timar med samtalar tatt opp på diktafon med over tretti informantar, alle med handlingsbóren kunnskap frå eigen barndom og ungdomstid og med klare minne om mødrene og formødrene sitt strev.

Det dramaturgiske grepet har gjennomgåande bestått i å knyte fleire sine minne saman til ei forteljing samt setje dokumentarisk stoff inn i ein narrativ kontekst.

Sjangeren kan definerast som forteljande sakprosa. Formatet er tenkt å vere eit album, og vil såleis verte rikt illustrert med lokale foto av kvinner og born i fisketilverkinga, fleire av dei ikkje før publiserte. Manusutkast med råtekst er vedlagd.

Ynskjemålet med bokutgjevinga er at forteljingane i vesentleg større grad enn som framsyning åleine over tid skal kunne bidra til ivaretakinga av vår kystkvinnestorie. Boka skal verte eit kulturbærande arvestykke for born og unge, også tenkt til bruk i skuleverket. Prosjektskildring og manusutdrag er vedlagt søknaden.

Som forteljar ser eg det som mi plikt å målbære stemmene til desse formødrene våre som så lite har heva dei sjølve, og med forteljingane samla innanfor to permar, vil dei frigjerast frå forteljaren sitt hovud og for alltid vende attende til dei menneska som dei tilhøyrer.

Vedlegg		
Legg ved siste reviderte godkjente regnskap		Ettersendes ☐ per post
Legg ved årsberetning		Ettersendes ☐ per post
Legg ved budsjett for inneværende år Budsjett Fiskarkonebok til søknad kulturmidlar Herøy kommune.pdf		Ettersendes ☐ per post
Medlemslister med fødselsår		Ettersendes ☐ per post
Andre vedlegg:		
Type vedlegg Intensjonsavtale Vestvang	Last opp vedlegg Intensjonsavtale med Vestvang bokhandel.pdf	Ettersendes ☐ per post
Type vedlegg Pristilbod design/trykking	Last opp vedlegg Prisoverslag frå LongOrv design pr april 2016.pdf	Ettersendes ☐ per post
Type vedlegg Prosjektskildring	Last opp vedlegg Prosjektskildring til søknad Herøy kommune.pdf	Ettersendes ☐ per post
Type vedlegg Manusutdrag+ støtteuttale	Last opp vedlegg Manusutdrag + støtteuttalar Fiskarkona.pdf	Ettersendes ☐ per post

BUDSJETT BOKPRODUKSJON

Fiskarkona og døtrene hennar- eit 100 årig kvinneminnealbum

Kostnadsart	Spesifikasjon	Sum
Design / layout / trykking	Jfr. vedlagd prisoverslag	52500
Konsulent korrektur	Jfr. vedlagde prisoverslag	20000
Administrasjon	Materiell/ tlf/ data/ kontor	3000
Eigeninnsats kunstnarisk arbeid	150 timar á kr. 500,00	75000
Marknadsføring	Annonser / profilering	10000
	Gratisbøker 15 stk á 300,00	4500
	Totale kostnader	165000

FINANSIERING

Art	Spesifikasjon	Sum
Påreikna salsinntekter 2016 - 2017	300 bøker á kr. 300,00	90000
Kulturmidlar-prosjekt	Herøy kommune	10000
Prosjektstøtte kunst og kultur	Fritt Ord	25000 Søkn. Sendt
Tilskot litteraturproduksjon	Kulturådet	15000 Søknadsfrist 02.09.16
Kunstnarstipend	Møre og Romsdal fylke	25000 Søkn. Sendt
	Sum finansiering	165000

Fosnavåg, 8. april 2016

BOKPROSJEKT: Fiskarkona

Intensjonsavtale mellom:

Vestafor måne v/Guri Aasen og Vestvang Bokhandel AS v/Karete Johannessen

Vestvang Bokhandel AS forpliktar seg til å kjøpe 100 eks. av boka om Fiskarkona til utsalspris og med 30% rabatt. I tillegg vil Vestvang Bokhandel vere ein støttespelar for Vestafor måne når det gjeld å marknadsføre og distribuere boka.

Vestvang Bokhandel AS har også tidlegare vore medspelar på ulike utgjevingar av lokal litteratur og har stor tru på dette prosjektet. Vi gleder oss til å bidra med det vi kan og ser fram til eit spennande samarbeid.

VESTVANG BOKHANDEL AS

Karete Johannessen

Karete Johannessen

VESTVAFOR MÅNE

Guri Aasen

Guri Aasen

+



Bokomslaget. Design: Cann A/S

**Heile boka vil innehalde 12 forteljingar – her er eit utdrag med 8 av dei.
I tillegg vil boka ha 20 - 30 lokale fotografi relatert til temaene.**

Munnlege kjelder:

Bjarne Eggesbø
Hjørdis Brathaug
Norvald Brekke
Solbjørg Brekke
Sølvi Janny Djupvik
Ingrid Frantzen (d. 2011)
Anna Flusund Furø
Knut Asle Goskøyr

Margot Goksøyr
Håvard Hatløy
Tjodun Huldal
Ingrid Runde Huus
Kjellaug Håkonsholm (d. 2015)
Måfrid Kalland
Else Lid (d. 2016)
Harald Lied

Elsie Måløy
Gerd Oddny Måløy
Jan Nærø
Lars Nærø
Olaug Pærlussen
Per Odd Paulsen
Oddny Rabben (d. 2015)
Osvald Reite (95 år)

Anne Runde
Karoline Runde
Inga Slenes (d. 2014)
Alvhild Storøy
Kjellaug Storøy
Ida Teige (d. 2013, 106 år)
Robert Voldnes
Jan Ove Aarvik

Skriftlege kjelder:

Bjarne Rabben:
Åsa Elstad:
Inger T. Hjelmervik:
Elias B. Reite:
Marit Pauline Kvalsvik:
Oddbjørg Remøy:
Harald Thorseth:
Richard Bergh:
Marcus Johannessen:

Herøyboka / Folk ved havet / Jubileumsbok for Herøy Canning
Kystkvinner i Norge
Kjerringkavet – Fiskarkvinner i Sogn og Fjordane fortel
Daglegliv i Goksøyra (Folk og fortid)
Om Flåvær - og ei tenestetaus utanom det vanlege (Folk og fortid)
Notat om Ingeborg Runde (1902 – 1927)
Fosnavåg før i tida
Ut mot havet i nordvest – folk frå hareidlandet og Herøy fortel
Klippfisk på gamlemåten (semesteroppgåve HIV)

Filmar:

Ut mot havet / Herøyfilmen 1954 / Vintersildfisket 1956 /
Skårungen som vart industripioner – Gerhard Voldnes /
Maritime kvinner

Utlån foto:

Herøy Kystlag / Herøy Sogelag / Alfild Berge Remøy / Per Husholm /
Håvard Hatløy

1. Ane Severine fiskarbondde

Det var ein fin seinsommarkveld i solefallstida eg, som eg ofte gjer, sat ved sokkelen til Fiskarkonestatuen nede på Vågsplassen i Fosnavågen at eg tok til å undrast:

- Kven var ho eigentleg, denne fiskarkona? Kva tenkjer ho, der ho saman med dei to borna sine stend og speidar så ufråvendt vest over havet?

Eg fekk lyst til å dikte henne levande – og best det var tok ho meg med inn i livet sitt, ho *Ane Severine* fiskarbondde, til ei grå lita stove på ei av dei forblåst øyane her ute i Herøy havland, og året, det var 1860.

Ho sa: *«Eg går her i otte
for han som er ute
i storm og i strid
på ei voggande skute,
eg stirer med ank
gjennom saltdimme rute,
men ingen ting er det å sjå.
Å, kvar skal min tanke
ein kvilestad finne
når angesten jagar
som el gjennom sinnet,
det stormar der ute,
det stormar her inne,
Gud hjelpe bå' meg og dei små!*

Kor lenge ho hadde stått der i stoveglaset, ho *Ane Severine*, med *Lisje-Magnhild* på armen og han *Syver* på ni ved sidan av seg og berre stira ut på veret, det hadde ho mysta tellinga på. Einaste tanken som murra ommatt og ommatt var

- korleis skulle gå med henne og borna, og det ufødde livet ho bar under bringa, om han no vart verande att der ute på Svinøyfeltet, han *Rasmus*?

Ho hadde vore knapt 18 år ho *Ane Severine*, den solfylte jonsokdagen i 1850 ho hadde stått brud saman med *Rasmus* i den vesle steinkyrkja ute på Herøy. Frieriet hugsar ho som det skulle ha vore i går.

Det heile hadde byrja med at ho hadde ei syster som var gift på øya, og for å kunne gå henne til hende hadde ho kome den lange vegen frå Syvden som tenestetaus – faren hadde rodd henne. No hadde det seg slik at ho hadde ein kjærast syd i Syvden ho *Ane Severine*, men sidan ho etter ei stund vart oppteken av det kristelege, slik alle hine der i bygda var, og kjærasten var heilt i mot slikt, ville ho gjere det slutt. Ho skreiv såleis eit brev til han med namnet hans utanpå konvolutten. Ein sundag sjølafolket rodde til kyrkje ut på Herøy tok dei brevet med seg for å gje det til kyrkjefolk i frå Syvden som var der – anna postgong fanst ikkje - og slik fekk ho gjere det slutt.

Same søndagen, medan ho dreiv og kokte middag, knakka det på døra, og inn steig ein vakker unggut som stod der med luva i handa og stotra og rødma. Det var han *Rasmus*. Det ho *Ane Severine* ikkje visste, var at han i fleire veker hadde fylgt med på denne fine tause med kolsvart krulla hår og brune vennlege auge, og forelska seg noke grundig. Og no hadde han endeleg manna seg opp, kremta og sa at han hadde leie så mykje og fiska på sjøen nedanfor nausta, og so ein dag hadde Gud sagt med 'nå at der oppe bur jenta som du skal gifte deg med, hadde Gud sagt. Kven kunne motstå eit slikt frieri?

Og no, ti år seinare, hadde dei to fine ungar i lag og eit tredje ventandes – og han låg og kava der ute i stormveret langt til havs

Det var like etter Kyndelsmyss, ein av fyrste dagane i torskefisket. Det hadde vore finever i fjortandedagar, men akkurat i dag hadde det blese opp ein overhendige nordvest som stod som ein svartebrand ute i sysnsranda.

Ei lita trøyst var det at både åttringen og seglet var nye i fjor og skulle tåle både brottsjøar og storebåre. Og ho visste han var godt vødde, for heile hausten hadde ho og ho besta og tenestetausa karda og spunne, spøta og vevd han eit heilt lad med gode sjøklede.

- Ser du noke til dei, spurte ho besta borta rokken, men Ane Severine berre rista på hovudet. Syver turka doggen av ruta, men alt som var å sjå gjennom hagldrivet var dei skummkvite toppane på den frådande sjøen. Då kom han på kav læraren hadde fortalt frå bibelsoga om Jesus som stilla stormen på genesate sjø ved berre å røyse seg opp i båten, peike utøve og rope «vil du teie dej» så det var blikrande stilt, og læresveinane hadde vorte aldeles forbina. Då var det Syver sin tur å verte forbina, for der såg han vitterleg noko som dukka opp frå bylgjen og forsvann, dukka opp og forsvann! Jaudå, der drog han kjensel på det raude seglet!

«Der kjøme han pappa og dei!» ropte han, på med tresko og ulltrøye, storma ut i gjennom gangender han heldt påå støyte samn med tensetetausa som kom med fongenett fullt av ved, og ned igjennom bakkane barst det for å ta imot far sin. Så kom han gudskjelov velbergha heimatt denne gongen med.

Dyande våt frå ytst til inst og blå av frost var Rasmus glad då Ane Severine, som alltid, tok i mot han på trappa med ein bolle med gloheit mjølk.

Nordvesten hadde kom som sleppt utav ein sekk i dag, kunne han fortelje. Kameratbåten hadde måtta kappe garnsettingane sine, eller så hadde dei gått rett til botns. Båtlaget hans hadde heldigvis berga både fangst og vegn, så «han» hadde berre leika litt med liva deira i dag.

Neste morgon, i grisotta, var Ane Severine som vanleg fyrst oppe, kokte kaffe og laga til nisteskrinet hans med rugkake, poteball og skyr, det hadde heldigvis løya så pass at det var komande på sjø.

Etter at ho hadde følgt rasmus ut på trappa og ynskt m vel av garde med eit «skitt fiske» og fjøsstellet var unnagjort, var det for henne, tenestetausa og besta å kome seg ned på naustet å verkje fisken frå hin dagen.

Den skulle nemleg forvandlast til den finaste klippfisk som til sommaren skulle skipast ut på store seglskuter og ende opp på middagsborda til folk langt ned i låndå – heilt til Spaniens land skulle den visst, klippfisken deira.

Syver hadde heldigvis skulefri i dag slik at han kunne vere med ned og sjå etter Lisje-Magnhild og gå ei til hende.

Rigga til i det kalde naustet ved langebordet, med kveikt parafinlampe, godt inntulla i tjukke skjørt, ulltrøyer, skaut og strieførkle var det med nykvesste knivar å hive seg over den digre fiskedungen – det måtte vere minst 500 torsk der i dag.

Besta greip fisken i tokna, small den i bordet og kappa haudet av den som reinaste skarprettaren, sende den så vidare til tenestetausa som med eit einaste grep spretta opp buken og tok ut innmaten - lever her og rogn der, så vidare til Ane Severine som med nennsome fingrar flekte fisken så han låg der utbretta nesten som ein sommarfugl. Det var godt at ho hugsa å ta på seg fingervottane, det var så kaldt at fisken låg der nesten halvfrosen. Glad var ho også at sjøen hadde flødd så pass at ho – barnstor som ho var - slapp å gå så langt ut på dei sleipe fjøresteinane når byttå skulle fyllast og fisken skyljast – før ho lempa den over på ein stor flake, la den slett og fint, spor mot nakke, nakke mot spor, så ikkje ei skrukke var å sjå, fisk og salt og salt og fisk, til ein mannshøge stabel.

Syver hjalp til med det som trongdest - såg etter at Lisje- Magnhild ikkje rota seg bort i fiskesloa, drog slipesteinen når knivane skulle kvessast, skar tunger og tredde haud, og han jobba iherdig,

mora hadde nemleg lova han god løn! Ho skulle spøta honom sjøvottar av den finaste utegongarulla, og raudehue – ei slik som fiskarane pla bruke – for til hausten, når han fylte ti, hadde faren lova å ta han med på sjø og lære honom å drage line.

Plutseleg såg Syver at mora, medan ho stod der og bala med fisken, krøkte seg ihop og stønna, og før han retteleg skjøna kva som stod på, hivde dei frå seg knivane, både ho besta og tenestetausa, og so for dei til gards med henne.

Då tenestetausa etter ei usigeleg lang tid kom ut på trappa og vinka med kvoteførkleddet og hoja så han våga å ta med Lisje- Magnhild og gå heimatt, fekk han snart vite kva som der hadde skjedd - han hadde vorte storebror, til endå ei velskapte syste.

Og då han far sjølv den kvelden var heimkomen frå sjø og sat på sengekanten til kona si med den nyfødde tause i armane, hadde han berre eitt å seie:

- Det e no det eg alltid he meint, du e'kje akkurat noka prydplante du, Ane Severine mi, du er no meir for eit tuntre og reikne.

*Ro, ro på fjorde,
draga torsken store
draga han både med liver og rogn,
salta i tunnur og føra til Sogn,
kjøpa so heimatter malt og konn
åt våre småbonn*

4. Kverkejenta Flåvær-Rasmina



Flåvær- Rasmina. Foto: Ukjend

På Flåvær i 1913, levde det ei kverkejente, som sytte for at silda vart føde på menneska sine bord.

Det var tidleg morgon ho Rasmine vakna av at hanen gol og vårsola glytte inn gjennom glaset. Ho smilte då ho såg seg rundt i det vesle kammerset. Tenk, kvar einaste morgon å få vakne opp her ute på Flåvær, i si eiga stove! Det var ikkje alle tenestetauser og einslege mødre som klarte dei brasene, å bygge sitt eige hus. Men det hadde kosta mykje slit og mang ei tåre – med hardt akkordarbeid på sildesalting, akting på krøter og husarbeid hos handelsmannen.

Barndommen 'na Rasmine inne på Garneset hadde vore av det heller stusselege slaget – foreldre- og syskenlaus som ho vart før ho fylte fjorten. Faren omkom på sjø, mora var det ein farang som for med, veslesystra drap seg då ho ramla ut for ein berghammar og drukna, og storebroren, ja, han gjorde som tusenvis av andre fattiglemmar – reiste til Amerika for å søke lukka.

Splitters aleine i heile vide verda, fjorten år gammal, kom Rasmine heldigvis i teneste hos snille folk på Skorpa, og då dei etter kvart flytte til Flåvær der det var meir sentralt, med både telegraf, post, handel og skulestove, vart ho med ho Rasmine, med veslejenta si - som var resultatet av ei heit sommarnatt i høystålet saman med Skorpa-drengen. Drengen, ja, han fordufta også til Amerika, men det gjorde ikkje stort, tykte Rasmine – ho var no meir enn van med å greie seg sjøl.

Men no måtte ho sjå å kome seg i tølne, ho kunne ikkje ligge her å dra seg midt i sildetida – den kjekkaste tida på året – ikkje noko anna fiske hadde slikt liv med seg som vårsildfisket!

Rasmine batt eit tjukt sjal forsvarlig rundt hovudet, så det ikkje var anna å sjå av fjeset enn augene og nasen. Ja, for fekk ein sildelake i håret, så vart det til sår.

Nede på Flåværhamna krydde det allereie av folk og båtar, det var måseskrik og motorkakking - ho kunne telje meir enn 70 skøyter og damparar i dag, ein kunne liketil stige turrsodd frå båt til båt over hamna - ja då måtte her sikkert vere minst 400 menneske! Fiskarar og oppkjøparar og gamlekakar og ungar. Ja, og så kverkejenter som hadde komt roande i hopetal frå Moltustranda og Toftestøda.

Skulle saltsilda kunne skipast ut og verte middagsmat for fattigfolk, så var det for kvinnfolka å brette opp ermane! Og dei let seg ikkje be to gongar, for akkorden hadde vorte god etter at kverkejenter langs heile kysten hadde streika, slik at ein no fekk 25 øre tynna mot før 10 øre!

Inne på den store Flåværbuda fann Rasmine arbeidslaget sitt og plassen sin midt i silda til oppover treskorne med tynner og saltebaljar og den usalige parafinlampen som stod å svaia på ein pinne midt i sildehaugen. Så var det fram med den vesle blanke kverkesaksa- bøye seg ned, ta ei og ei sild, rispe den opp i lynande fart – så på haudet ned i tynna med silda, lag på lag, sild og salt, sild og salt, sild i same størelse i kvar tynne, ei tynne, to tynne, tre tynne, fire tynne – lita sild, store sild – større sild -størst!

- Fleire tynner! ropte Rasmine - ho kunne gjerne ha vore sjonglør på sirkus.

Då, med ei sild i eine handa, ei i lufta og ei i hi handa, la ho merke til at han Hans stod å kika så beundrane på henne. Han var mannskap på ein slupp som låg og venta på høveleg bør til å krysse Stadten, og dei to hadde fått eit godt auge til kvarandre.

- No eller aldri! tenkte Rasmine då ho i augekroken såg han Hans kome listande opp bak henne

og tok henne rundt livet.

Rasmine snudde seg rundt, greip han over nasen med kverkesaksa og gav klar beskjed:

- Dej vil ej ha, tralala! Så når kvelden kom, hadde ho ikkje berre sett ny dagsrekord med 90 tynner saltasild, ho Rasmine, ho hadde også fått seg ny kjærast.



6. Om å få og om å miste – og om ein liten blå hest

Det var sommar og det var sol, og året var 1925. Ho Lovise kunne nesten ikkje sitje stille i båten,

slik gledde ho seg ! Tenk, ho var på veg til sjølvaste Ålesund, saman med far og soresyste, for fyrste gong i sitt 11år lange liv. Turen hadde ho fått fordi ho heile våren hadde vore så flittig å hjelpe til med torvspading på fjella, taresanking i fjørå og arbeidet med fisken på Koparstadbuda. Og no sat ho der, på tofta i den vesle motorbåten, der både både romet og dekket var fullpakka med den finaste klippfisk som far skulle selge.

Dei hadde lagt av garde allereie på nattmorgonen i firetida, for det var om å gjere å kome tidleg til bya hadde far sagt, slik at han fekk fisken unna og dei kunne handle og bese byen før dei måtte vende nasen heimover i kveldinga.

Då dei i solrenninga hadde kryssa Breisundet, som denne morgonane var flatt som eit stovegolv, og tøffa inn Valderfjorden, dukka ei lange rad med veldige sjøbuder og pakkhus opp, dei såg mest ut som ein tanngard, synest *Lovise*.

Og då dei tøffa inn til Skansekaia, var det så fullstappa med fiskebåtar og store dampskip der at det var så vidt det var plass til den vesle båten deira.

Han far hadde heldigvis avtale med han oppkjøpar Berset, så det tok ikkje mange timane før fisken var unnaseld og han fekk ein tjukk bunke med pengesedlar som han putta ned i portemoneen sin. Ja, for fisken hans far, hadde vrakaren som kontrollerte den sagt, var «prima vare, sekunda ikke».

Så kunne endeleg *Lovise* vandre på brusteinsgatene inn i den forjetta byen, mellom dei høge vakre steinhusa med figurar og border på.

- Det er Jugendhus, sa storesystra som hadde vore i bya før og visste litt av kvart. - Dei er veldig moderande, og ein må heilt til Tyskland for å finne maken til dei, mårr
- Å, ditte skulle han *Magnus* ha sett», tenkte *Lovise*. *Magnus*, lisjebroren, hadde vorte sjuke, så

mor og han var heime, dei.

Sjølv om han berre var fem år, hadde han likevel vorte smitta av denne fryktlege tæringa, tuberkolose heitte det visst. *Lovise* skulle no i alle fall kjøpe byagåve til han, det var i allefall sikkert og visst.

Men fyrst måtte dei til *Gustav Andersens* manufakturforretning, slik at storesyster, som gjekk for presten og skulle konfirmerast til hausten, fekk kjøpt seg kvitt kjoletøy. Og der fann far også fiskegåve til 'ne mor – ein nydeleg kvit silkekrage med nuppereler på som ho kunne pynte seg med utanpå søndagskjolen sin.

Frå *Gustav Andersen* var ikkje vegen lang ned i Kongensgate til Londonerbasaren hans *Israel Steinfeldt*. Å kome inn i det vesle lokalet var som å kome inn i eventyret, syntes ho *Lovise*, her var det alle slags gode lukte og frå golv til tak med leiker, kambar, postkort og raritetar frå utlandet!

Her fann *Lovise* seg eit uforligneleg fint halsband av nesten ekte sylv – med kors på som ho kunne pynte seg med på søndagskjolen sin, som ho forresten hadde fått lov å ha på seg i dag sidan ho skulle på byatur, Og der, på ei hylle liksom vinka den til henne, gåva ho ville kjøpe til nå *Magnus*! Det var ein liten mala trehest som var like blå som augene hans, synest ho *Lovise*.

Etterpå hadde far overrasking til dei. Med eit lurt smil tok han e med bort gata og opp ein bakke, og der, på eit hushjørne lyste skuiltet med stoe bokstavar» *Fotograf Sponland*». Og der fekk *Lovise*, for syrste gon i sitt 11 år lange liv, sityte på rokokkokostol og verte for tograferte, med halseban ofg søndagskjole og allt!

Tida gjekk berre så alt for fort, og då det leid ut på efta var det på tie å legge på heimveg. På vegen ned til kaia stakk dei innom bakar *Walderhaug* og der han far kjøpte ein heil pose med 10 øres kveitekaker, slik at dei hadde litt godniste å kose seg med på sjøferda heimatt til *Kopparstad*.

Då den vesle båten i solefallstida igjen tøffa over Breisundet og ho *Lovise* sat på tofta med 10 øres kveitekake i eine handa og gåva hans *Magnus* i hi, tenkte ho - Å, så fine dag....

Men då dei seint om kvelden var heimattkomne, såg Lovise at ho mor hadde grete, og då far spurde om han hadde vorte vberre, han Magnus, berre nikka ho. Lovise skunda seg inn i stova der lisjebroren låg, han vart så liten og bleike i den store senga. Ho rekte han byagåva, og då Magnus såg opp på henne og smilte, såg ho det, at augene hans, ja dei var like så blå som den vesle hesten.

Men då ho hadde lagt seg oppe på loftet, klarte ho ikkje å sove, endå så trøtte ho var etter den lange turen. Ho låg og hørde kor Magnus gret og bar seg, han verke visst så foli.

Best som ho låg der, vart liksom lufta fylde av den finaste musikk, og vengjeslag, akkurat som ein heile flokk med fuglar kom inn gjennom veggen. Ho trudde no mest at ho måtte drøyme, sjølv om ho var no sikker på at ho ikkje sov.

Like plutselig som det byrja, så vart det heilt stilt. Endå til gråten hadde stilna.

- He han slutta å verkje han Magnus, tru? tenkte ho.

Ei stund etterpå kom ho mor opp og sette seg på sengekanten hennar, strauk 'ne over håret og sa

- Han for no, han Magnus vår.

Så, det va kje nokon draum likevel.

- Tru om han fekk ha med seg den blå hesten opp i himmelen, han Magnus?
undra ho Lovise.

7.Om å egne line.

Ho som har gitt meg neste historie nærmar seg 90 år, og eg har fått lov til å dele den akkurat slik ho gav den til meg. Vi skal til Kvalsvika i 1939.

«Det leid på hausten, potene og kornet var i hus, ho-onna overstått. Far og onkel Olav gjorde no klart til linesesongen som var vanleg frå slutten av september til jul når veret var brukandes. Mest longe, brosm og hyse som var dyraste fisken.

Ein dag eg bar middag til dei i Massanaustet, hadde det allereie samla seg ei tre fire gutar i 12- 14 års alderen som egna line til neste dag. Dei fekk alltid 10 øre for 100 onglar å egne så det vart nokre kroner : agnet var frosen sild som fiskarane kjøpte med frå Voldnes i Ura.

Alt måtte gjerast fort, for dei måtte ha nokre timars søvn før dei skulle avgarde på ny tur neste morgonen. Det var ikkje latmannsliv ditte her.

Eg vart ståande å sjå på. Kor flott gutane tok onglane og tredde på agnet og la dei i nøyaktig rekke i trauet. Her måtte det vere orden i systemet.

Då kom tanken: «Kvifor kunne ikkje eg egne line også?». Eg var 12 år, like gamal som gutane. Eg bort og spurde pappa som sat og åt ball.

« Kan ikkje eg få prøve? » Han såg på meg og log litt. «Det gjer ikkje noko om eg er jente» . Far tygde litt på det før han svarte «jau, det skal du no vel få». Han røyste seg og fann fram trog og line, agn måtte eg ordne med sjølv. Då alt var ferdig tilrigga med godt lys - det var allereie stummande mørkt ute - byrja han å vise meg korleis eg skulle gjere, lina måtte ligge berre ein veg, nøyaktig så det ikkje vart vase når den vart hala ut i sjøen med linekastarane.

«Kva er det du gjer?!» hørde me bak oss. Brått stod onkel Olav der. «Du lærer ikkje tausungen opp til å egne?! Det høyrer gutane til! Du lyt vente på sonen din, (Einaste sonen hans far, veslebroren min, var då 4 år). «Kven veit om ei taus kan gjere skikkeleg arbeid». Far roa han ned. «Det får tida vise», sa han berre, som hadde fem døtre og visste litt av kvart av kva jenter kunne.

Frå klokka sju til halv ti den kvelden var vi ferdige med 100 onglar lagt sirleg i trauet.

Tenk, eg hadde tent 10 øre! Då me kom heim lo ho mor litt og lurte på korleis det gjekk med leksene, men der visste eg at ho ikkje hadde noko problem. Systrene mine erta meg og kalte meg

Båt-Petrina, men eg bestemte meg, dette skulle det verte meir av.

Sidan var eg fast egnar i 3 – 4 haustsesongar, og tente meg mange pengar på det. Trening gjorde at det gjekk stadig fortare, og onkel Olav slapp å vere redd for slurvearbeid. Men mor fekk veldig mykje tiltale på foreininga for at ho ikkje hadde beire vit enn at ho let tausungen sin halde på med dette, men det brydde ho seg ikkje stort om.

På bjelken i Massanaustet heng framleis listene over egnarane med namnet mitt saman med ei rad med gutenamn, for ingen anna jente fekk eg høyre om som stod på egning – og no er det 75 år sidan.»

8. Om klippfisk-kjerringar, eit raudeflagg og ein gutunge

Frå det på byrjinga av 1900-talet kom motor i båtane til langt ut i 40-åra, låg klippfiskanlegga med sine turkeplassar som steinåkrar utover heile sjøfronten i Fosnavågen. Frå Goksøyrbuda, via Vikeneplatti til Svendsen(Homsild) platti og Jacobsenhellebråtet, på Pit Sverre-plassen og heilt ned til 'nå Knut Igesund, og som i generasjonane før, var det kvinnfolka som stort sett rådde grunnen frå fisken kom til land til han som klippfisk vart frakta med lastepramer til Ålesund.

Kommandoen var det oldtimerane – slike som ho Tille og ho Karoline, og fleire til - som hadde. No var det ofte slik at karane flekte – kvinnfolka salta – fire kjerringar på seks mann:

Fystå stod i bingen og vada i salt, - skufla full tynne etter tynne.
Toå trilla tynnene og treå trilla fisk, store bører og tunge lass,
lad på lad og tynne på tynne til den digre saltekummen,
der firå stod på hauda å la 'nå fint og slett på plass - møysommeleg, møysommeleg,
så det ikkje var ei skrukke å sjå!
Heiv så saltet på - lad på lad, salt og fisk, salt og fisk.....

Endeleg ein pust i bakken..... medan han låg der og modnast.....

Så var det på han igjen – frå Uriaspost til Uriaspost:

Tappe ned laken! Opps, der datt visst ho Karolina i saltekaret så ho stod til livet i lake! Ja, ja, Uriaspost er Uriaspost!

Rive fisken frå kvarandre med slagbjønnekrefter; samanklistra, ramsalte, sleipe....

Så opp med 'nå! Trille avstad lad på lad, , store bører og tunge lass,

På haudet ned i karet, fylt med iskalde Nordsjø!

Skure og skrubbe med kost og sjøvott, bake, framme,

vekk med uggebein og rogg vekk med blod og sleipe!

Til hendene var så valne og hudlause at du ikkje lenger kjende om dei hang på

.....men so var også det verste gjort!,

og i dei to turkemanadane april og mai gjekk store delar av landskapet i Fosnavågen frå vågrått attende til vinterkvitt.

Så var det ein gråværsdag midt i turketida våren 1948 at han *Bjarte*, på veg heim frå Myklebustskulen der han gjekk siste året, la merke til at han Knut Igesund hadde heist raudeflagget nede på buda si. Vittige tunger ville ha det til at det var ei gamal «långelaura» han hadde fått sydd om. Långelaura eller ikkje, når raudeflagget var til topps, då visste han Bjarte at det berre var å kome seg heimatt med ranselen, byte av seg skulekleda og ta beina på nakkji ned til turkeplassen, for då venta han Knut ein floding!

Frå tidleg morgon hadde gamlekjellene, ho Tille, ho Karoline og alle hine klippfisk-kjerringane lagt halvturka fisk fint utøve, spord mot nakke, nakke mot spord, tett i tett, så heile bakken lyste kvitt.



Klippfiskarbeid i Fosnavåg

*Breidbeinte stod dei der – med stakkane som krunblad rundt livet,
fingrane innsnørte i ullhanske, så ikkje fisken åt render av hendene,
varme og sveitte med bøygde ryggar så korsryggen jamra, lårmusklane dovna og
armane verkte, time etter time til og frå med ny ladning,
passe på så fisken ikkje vart «solbrende», snu den rundt så berget gjekk frå kvitt til
grått, og akte på veret*

Og no stod ein truande regneling som ein vegg utanfor Runde, og Bjarte og ei heile grøde med andre Fosnavågungar, og alt anna folk som kunne krype og gå - kom i hyrten og styrten for å hjelpe til med redningsaksjonen – det var store verdjar som stod på spel.

Ho Tille hadde kommandoen og gav klare ordrar om kven som skulle bere fisken frå her eller der til hit eller dit.

Med to og to fisk i kvar neve bykste han Bjarteover hellebrotet så småsteinen spruta rundt støvlane, henda ladninga over til ei av gamlekjellene, som i jamt driv la den i rundlad til ein mannshøg stabel, før ho med eit einaste grep lempa den tunge trehatten som ein paraply på toppen.

Og ikkje før hadde hatten komt på plass på det siste ladet og turkeplassen var forvandla til ein slik jungellandsby det vbar bilde av i Tarzanbladet hass Bjarte heime, då kom regnet! Men so var også den dagen berga!

Då Bjarte, var vel heimkomen, ganske så mødde og dyande våte, ville mora partou ha han til å legge hendene i grønsåpevatn, for det var ikkje fritt for at den ramsalte fisken hadde gjort neglene både såre og hudlause.

- I hedningen heller - meinte han Bjarte, han var no ikkje noka pysete taus heller, litt neglesprett var det no vel ingen som hadde dauda ta. Då var det no mykje viktigare at mora sytte for å skrive ned 2 timar og 7 minutt i den lisje gule notisboka, der det allereie stod sirleg oppført ei uhorveleg mengde med timar han i løpet av våren, så snart ha hadde skulefri, hadde arbeidt med turkelegging på klippfiskannlegget hans Knut Igensund.

Og når juni kom, turkesesongen vel var overstått og timane skulle omreiknast til hard valuta, var vona at det han i alle fall hadde nok til framhjulet og kanskje bjøllå på dinna steikjande fine svarte DBS-sykkelen han hadde spinka og spart til sidan han var så stor han var kar om å gjere eit dugandes arbeidsslag. Og når han om eit par år var ferdig å gå for presten, kavertehan på at han hadde så mykje på bok i Fosnavåg fiskeri- og handelsbank at heile sykkelenen skulle kunne håvast velberga i land.

10. Det store sildeeventyret

- Silda er komen, Klondykestemming i Fosnavåg!» las mora 'na Gerda høgt frå framsida av Sunnmørsposten 14. januar 1956. Dei sat ved kjøkenbordet og kosa seg med heimebaka kakeskive med sardin i tomat frå canningen på Moltu og hørde på ønskekonserteren, der han.. for full hals song « *One a clock, two a clock, three a clock, rock* ». Plustesleg skrudde mora over på "fiskeribølga" der det med sprakande stemme vart ropa «ser du noke sild, over», og svara «ja, sjøen kokar nesten over, over» og det vart gaula på «hjelpar, hjelpar!» Då vart det vonaleg god fangst for *Ludo* – fiskebåten til faren som låg ute på feltet. Kanskje vart det så mykje peng utav det at mora endeleg kunne få seg dinna etterlengta Evalett vaskemaskina – «som gjør klesvasken til en fest» som det stod i reklamen. Sjøl ynskte Gerda, som 12 åringar flest, seg mest av alt ein rockering om dei no skulle slumpe til å verte styrtrike!

I skyminga kledde Gerda og mora seg i gode varme klede og klivra seg opp på Skjervane, der det var panoramautsikt ut til lyshavet der båtane var samla ute på feltet. For eit syn! Det var som ein eventyrby eller sjølvaste Soria Moria hadde dukka opp av Blåmyra! Som stjernemne hadde dala ned frå himmelen og låg og duva på havflata.

Neste dag, då skuleklokka på Borga hadde ringt ut frå siste time, skunda ho Gerda ilag med ei heile strod med andre skuleungar seg ned på havna i Våji. Du for eit yrande liv!

Her låg så tettpakka av sildebåtar som skulle losse at ein kunne gå tursskodde frå eine sida til den andre.

I gatene og på butikkane var det lange køar med fiskarar som måtte hamstre før neste tur, og utanfor telefonstasjonen var det langandes køar av karar som netsen ikkje kunne venete med å få ringt kjerinfangane sine med cen gode nyheita om at dei no kanskje ville kome til å slumpe tuil å verte styrtrike. Tenåringsjentene som fileterte silda på fryseriet hass Voldnes på nattarbeid, nytta fristunda til å gå sjektande gatelangs og jåle seg til for dei unge fiskarane som snakka både nordlending og sørlending – noke som Fosnavåggutane visst kunne styre si begeistring for, dei likte heller dårleg at framandkarar skulle «kome her og kome her» og sverme med jentene deira.

Ho Gerda hadde endå til haurt at det laurdagskveldane i sildetida kunne gå så hardt for seg når rivalane av og til braka i hop at dei både datt på sjø og gav kvarandre naseblod og blåveisar, - slik at kjeringa hass politi Wold måtte arrestere dei. Ein gong haddevisst også platespelaren deira hamna i fengsel.

Nei, då var det no kjekkare å vere onge i sildetida. Og no var ikkje Gerda og vennindene hennar seine om å hoppe ombord i Ludo, som låg og venta på lossing så nedlasta ta sild at du så vidt du såg rekkjå, og der tredde seg ei bråte med sildehonkjer som dei gjekk rundt og selde på dørene for 5 øre. Då hankjene vel var var unnaselde, feira dei suksessen med å kjøpe seg 10 åres Kiptygggegumme på buda hennar pølse- Ragna og sjekte gatelangs med gummistøvlane tapetserte av sildereksle som hadde festa seg medan dei vada rundt i sildehaugen ombord i Ludo. Det glinsa som paljettar, og jo meir sildereksle, desto rikare kjende Gerda seg.

Sildereksla vart dei rike av på andre måtar også, ungane. Ja, for borte på sildemjølfabrikken hass Voldnes var det berre å skrape rekslå opp frå elevatorane som førte silda på skinne inn i fabrikk, samle den i tynner og selge dei til ein mann inna Sykkjylva, der rekslå vart forvandla til ekte perler, mårr!

Dette arbeidet styrte ho Gerda og kameratan, der lastebilar fullasta med sild gjekk i skytteltrafikk frå Gevo og inn til sildemjølfabrikken, så det rann feitt og blodvatn og sild og så vegen var sleipare enn fjøresteinar, og blanda med saudelort – ja, for saudene gjekk no like fritt i gatene som anna folk - lukta det ikkje akkurat Yaxaparfyme!

Men, den festa seg i allefall ikkje på kleda slik som turkebrandlukta frå sildemjølfabrikken - «pengelukta», som den vart kalla.

«No kjeme den hersens pengelukta, no må me få inn kleda frå snora» brukte mora til Gerda å sei då.

Men Gerda syntest eigentleg ikkje det var så gale med pengelukta ho, for det lukta no likt av alle, og så gav den mykje folk arbeid, så ein kanskje fekk råda til å både vaskemaskin som gjorde klesvasken til ein fest, og rockering att på, om ein no skulle slumpe til å verte styrtrike.

11. Jentene på Canningen og korgafest på Høgtun



Sunnmøre hermetikkfabrikk ca. 1922, Utlån Hjørdis Brathaug, Fotograf ukjent

*Det kom tre jenter vandrande, vandrande, vandrande,
det kom tre jenter vandrande, tralla-lalla- la!*

...og dei tre kven var vel det? Jau, det var ho *Inger*, ho *Kjellrunn* og ho *Edel* et, ein laurdag ettermiddag på veg heim frå ei travel arbeidsveke på Canningen i Ura.

- Eg kjem ikkje til å ete ein fiskebolle meir i heile mitt liv! Sjå på hendene mine! klaga ho Inger

og vifta med dei såre fingrane.

Ho hadde ikkje tal på kor mange 10-liters bytter med fiskebollfarse ho i løpet av dagen hadde bore oppigjønå den bratte trappa og kvelva ned i beholdaren som klipte fiskebollane - det måtte vere minst 100! «Det sku 'kje ver lov, men mannfolkja e visst ikkje oppfunne til slikt!» - men det vart no velskapte bollar.

Kalendaren viste 1958, og Voldnesbedrifta gjekk så det susa, så jentene måtte henge i stroppa for å klare å produsere nok fiskebollar i kraft, Trultemors middagskaker, Mette seikarbonader og Shantybollar i brun saus til det norske folk sine middagsbord.

Om arbeidsdagen stundom kunne vere tung, hadde dei det kjekt jentene, det var ei velsigning å ha eit arbeid å gå til, og slike gode arbeidskameratar som ein fekk!

Og stundom skjedde det ting som skapte variasjon i tilværelsen – som når det tok til å skyte oppe i bokseladet:

Når hermetikkboksane var ferdig fyllte, falska, steama, vaska og turka og påhadde fine etikettar med bilde av Mette og Trultemor, var det å stable dei i 24 kgs kasser og løde dei i 10 høgder på lageret. Ikkje rart at hermetikkjentene i Herøy var kjende for å sine velutvikla overarmsmuskclar.

Men av og til var det falsefeil på boksane så dei ikkje var heilt tette- og kva skjer med brun saus som stend å godgjærar seg nokre veker???? Den vil ut i det fri!

Og i dag, sa ho Kjellrunn, best det var ho stod og stabla Shantyballar i brun saus for harde livet- tok det til å smelle som børseskot over haudet på henne. Og det var ikkje berre éi boks som **fyrte av** nei!

Det var reine mitraljøsa -verre enn når engelskmannen bomba Ura under krigen så ikkje tyskerten skulle få tak i hermetikken.

Og for ei lukt! Utedoen heime var for eit parfymeri å reikne i forhold!»

Men jobb var jobb, så det var berre å klatre opp i stigen, lukte seg fram til kva boksar det gjalt og luke dei ut av lada.

Men surboksane kom heldigvis til nytte likevel, for ein gong i månaden kom det roande ein bonde uta Kvalsund og kjøpte dei med seg som hønsefor.

«Det er jammen ikkje rart at egga sprekk når me kokar dei» lo Kjellrunn.

Ho *Edel* hadde også litt av kvart å berette frå dagen. Ho hadde falsa boksar så ho nesten ikkje hadde øyre igjen ta bråket frå falsemaskina, til lavare løn enn han som stod ved sidan av henne og gjorde same jobben!! og i dag hadde ho vorte so passe irriterte at ho i middagspausa hadde manna seg opp og gått inn til na Voldnes og sett hendene i sida:

«Eg vil ha eit lønnpålegg for eg gjer det same som mannfolka».

«Ja, ka du he tenkt deg då?» spurde han disponent Voldnes bak det store skrivebordet sitt.

«Ei krone tuseni.» Han kika over brillene. «Ja, men det skal du vel få!», svarte han.

Sidan Edel falsa 11000 hermetikkboksar på 8 – 10 timar, hadde ho fått 11 kroner meir for dag.

Det måtte no feirast, og jentene inn på Voldnesbutikken der ho Edel bad ekspeditrisa leite fram det dyraste paret med naylonstrømpe som fanst i sortementet – helst Safa - og som ho skulle ha på seg på Korgafesten på Høgtun om kvelden.

Kjekkare tilstelning enn Korgafestane fanst ikkje! For å samle inn pengar til ungdomslaget, hadde jentene fått tak i pappøskjer som dei pynta med grønt og raudt kreppapir så det skein av dei, og som vart fylte med kaker og vafler, syltetøy og eple og banan, Riegelsjokolade og Toms kjeks sponsa med 'na N.H Lied, og som skulle auksjonerast!

Dei hadde både hengt opp plakatar og annonsert i Vestlandsnytt, så då kvelden kom, det var reine 17.mai- toget oppigjona Skarabakken med tilreisande fiskarar og ungdom som hadde komt roande frå alle utøyaner for å få seg ein fest.

Som reinaste prydhekk stilte jentene seg opp på scena for å by fram korgene sine, ho Inger og Edel og Kjellrunn og åtte – ti jenter til, og vente på at karane skulle by så det sveid.

Den som vann bodrunda på ei korg, fekk nemleg æren av å danse fyrste dansen med ho som korga hadde laga.

Edel synst det var veldig spanande om han som ho i smug «hadde sett seg ut» ville by høgst- ein adonis av ein nordlenning med minst éi tube brylkrem i rockabilysveisen.

«Tyve krona!», ropte nordlendingen - og gjekk av med sigeren.

«Det var nok nylonstrømpene til 11 kroner som gjorde susen» tenkte *Edel* der ho svinga seg i valsen med nordlendingen til tonane frå trekkspilet hass Bassar.

12. Spor etter formødrene dine

Det var ein fin seinsommarkveld i solefallstida for nokre år sidan at ei ung herøykvinne sat på balkongen sin på Holmsild brygge med eit album i fanget - ei gåve frå mormora- for vel bestått skippereksamen!

Ja, alt neste dag skulle ho mønstre på som styrmann på eiga skute, ein 3000 tonns trålar.

Ho mormor ja, ho var litt av ei dame, og hadde vore viktig inspirasjon i utdanningsvalet.

Alt som 14 åring hadde ho starta arbeidslivet sitt på røykjeriet på Nærøya, men då ho i 1960 var 19, hadde ho lyst å gjere noko anna, og for like godt til Oslo for å jobbe på kafé. Der traff ho han som seinar skulle verte den unge kvinna sin morfar, og som var maskinist på ein diger tankbåt som gjekk i utanriksfart.

Då ha han fortalte at han snart måtte mønstre på og verte vekke i to år, bestemte ho seg:

« Eg blir med! ». Dei forlova seg, og gjett om ho var glad då ho fekk hyre som stewardesse ombord!

Slik gjekk det til at mormora hadde komt ut i den store verda og fått opplevd folk og land som var heilt andreleis enn her - heilt til Australia hadde ho vore.

Noko som hadde gjort særskilt inntrykk på henne, fortalte ho, var møtet med beduinkvinnene i Saudi Arabia i sine heildekkande svarte drakter, så berre augene viste.

Etter to år på dei sju hav fekk ho og morfaren råd til å bygge seg hus her i Herøy og kunne såleis gifte seg og stifte familie.

Den unge kvinna opna albummet. På fyrste bladet stod det, med mormor si sirlege handskrift:

Spor etter formødrene dine. Etter kvart som ho bladde, openberra dei seg, ei etter ei av dei ho ætta frå....., alle desse kvinnene som, medan mennene hausta havet, heldt livet på land i gong, med hardt arbeid

*på hermetikkfabrikkane og fryseria,
på røykeria og klippfiskberga
på saltebudene og i nausta,
i færingane og i tangfjøra,
på foreiningane og basarane,
på torvmyrane og slåtteteigane,
på fjøskrakkane og ved rokkane,
ved kokegrytene og vaskebyttene,
men fyrst og sist, alltid fyrst og sist, ved voggene
.... dag og natt, ei båtlengd føre hine.....*

Bakerst i albummet låg der eit prospektkort med bilde av fiskarkonestatuen hans Tore Bjørn Skjølsvik.

Ho hadde ofte undra seg over kven ho kunne vere, ho som frå sokkelen sin på plassen nedanfor balkongen hennar stod og speida ufråvendt vest over havet.

Ho vende kortet, og på baksida stod det: «Modellen til fiskarkona er sagt å skulle vere Ane Sevrine, fiskarbonden her i Herøy midt på 1800 talet og di si tipp – tipp - oldemor.»

HERØY SOGELAG

Anbefaling frå Herøy Sogelag til støtte for å få gitt ut "Fiskarkona og døtrene hennar" i bokform.

Herøy Sogelag ser det som svært verdfullt at Guri Aasen no har planar om å få gitt ut forteljar - framsyninga "Fiskarkona og døtrene hennar" som bok. Vi vil på det varmaste tilrå at dette vert gjort. Men det vil stå eller falle på om det er råd å få til finansiering. Herøy Sogelag kan diverre ikkje gå inn i dette prosjektet med pengar, men vi kan støtte det på vår måte.

Vi meiner at "Fiskarkona" er ei fantastisk forteljing som fortener å få eit lengre liv. Den er eit viktig stykke dokumentarisk arbeid, basert på intervju med ei stor gruppe eldre menneskje, flest kvinner. Det er folk som stort sett aldri har fått kome til orde i den offentlege samtalen med sine erfaringar. Det finst mykje stoff om dei, men lite stoff som dette, som kjem "nedanfrå" og formidlar røynslene deira direkte. Det er deira eigne stemmer vi høyrer, og ikkje litteratur i den forstand at det er oppdikta. Dette er det dei sa om det dei har opplevd, sagt i deira eige språk. Guri har då også prøvd å ta vare på det munnlege og den lokale dialekten, for å få fram det dokumentariske.

Dette er både kvinnehistorie og lokalhistorie, som har fått si kunstnariske form, og begge deler er viktige i eit historisk perspektiv. Kvinnene som har blitt intervjuet, er alle frå Sunnmøre, men dei deler erfaringar med kvinner på heile den lange norskekysten. Såleis har dette allmenn interesse, og det hevar seg opp over det individuelle og lokale.

Sjølvsagt er det lokalhistorie, men når livet på mange måtar arta seg sameleis for folk i ei bygd på Sunnmøre som i bygder i Rogaland og i Trøndelag, så vert dette også Norgeshistorie og har interesse utover Sunnmøres grenser. Guri hatt framsyningar over heile vårt fylke. Viss stoffet vert presentert i bokform, kan det nå mykje lenger utover.

Vi vil difor sterkt tilrå at Guri Aasen får støtte til å gi ut "Fiskarkona" i bokform. Det vil ha stor og allmenn interesse!

Johan Moltu (sign.)

Leiar i Herøy Sogelag



**Uttale i høve bildebok med forteljingane frå
"Fiskarkona og døtrene hennar- eit 100årig kvinneminnealbum"**

Mange har høyrte og sett framsyninga "Fiskarkona og døtrene hennar" og nikka gjenkjennande til forteljingane og kanskje sjølve opplevd mykje av det som blir fortalt.

Men som åra går, blir det færre og færre som kjenner bakgrunnen for fiskarkona og dei som kom etter henne. Ein kan sjølv sagt finne historiske skriv som omtalar emnet, men oftast er kvinnene si rolle i samfunnet pakka inn i andre historier. Det er tradisjonelt mannen sitt virke og hans historie som blir fortalt.

I forteljingane om fiskarkona blir vi inviterte inn i stova hennar og ut på arbeidsplassen når fisken skal takast vare på og foredlast. Vi høyrer om eit liv med tungt arbeid og stort ansvar, men også om samhald og tanke for andre.

Sjølv om framsyninga har vore innom både skule og institusjonar, er det på tide med noke meir handfast. Såleis må vi vere svært takksame for at Guri Aasen no har planar om å vidareføre framsyninga til eit bokprosjekt med forteljingane og bilde.

Det er viktig å kjenne sin eigen bakgrunn, si eiga historie. Like viktig er det å kjenne bygda og kommunen si historie. I dette tilfellet kystkvinnene si historie. Her kan du gå eit par generasjonar tilbake og få ei levande skildring av korleis fiskarkona og døtrene hennar levde, og kor viktig deira innsats var for det samfunnet vi lever i i dag.

Vi ønskjer Guri Aasen lukke til med arbeidet og håper prosjektet får den støtta som trengst for å bli realisert.

Ei slik bildebok vil kunne nyttast både i skulesamanheng og som mimrebok for eldre, i tillegg til ei bok som vil vere kjekt å ha i bokhylla for Herøyværingar flest!

Med helsing for Herøy sanitetsforeining

Signe-Marie Skarstein (sign.)
leiar

Prisoverslag til Guri Aasen pr. 6. april 2016

Design, layout trykk og produksjon av boken «Fiskarkona og dotrene hennar.»

Pris for oppsett av tekst og layout pr. side: 110,-

Boken ser foreløpig ut til å bli på ca. 60 sider, totalt ca. kr 6.600,-.

Det skal gjøres ferdig ca. 20 bilder for trykk.

Pris for formatering og bildebehandling er kr 50,- pr. bildefil, totalt kr 1.000,-.

Omslagsdesign og utførelse er priset separat, totalt kr. 3.000,-.

Inkludert i prisen er det anledning til to korrektur-runder.

Ytterligere korrektur og tilrettelegging kan gi et rimelig påslag.

Sum for hele «pakken» er ca. kr 11.000,- eksl. 25% mva, kr 2.750,-, som kommer i tillegg.

Pris for trykk er levert av Nordisk Trykk AS i Bergen, og faktureres direkte fra disse.

Jeg tar forbehold om endringer i forhold til valg av papir og andre variabler, her er en ca. pris for 1000 eks. i A-4 format:

Trykktilbud fra Nordisk Trykk AS

Format: 210x297 mm

bokblokk: 52 s + cover + endeblad

Farge: 4+4 på MultiArtSilk 150g.

Omslag farge: 4+0+gloss laminate on 150 g gloss

Endeblad: 0+0 on 140 g offset

Binding: Hardcover, sydd, kartong 2,4 mm, kapiteler

Antall: 1000 stk

Levering: En adresse Ålesund (eller etter avtale)

Sydd Hardcover - 1000 stk – 31000,-

Pris er ekskl. mva.

Sturla Bang

Ytre Markeveien 19

5005 Bergen

sturla.bang@icloud.com

47758684

NB! Denne prisen er lagt opp til et lavere sideantall, kan bli justert litt opp.

Design, layout, trykk og ferdiggjøring, total sum er ca. 42.000 pluss 25% mva.



Lise Nymark-Engelstad
Mons-garden, Bøvegen 77
6095 Bølandet
Tlf.: 70 08 41 00
Mob.: 46 45 18 55
Org. nr.: 888 282 912 mva
Foretaksregisteret
Bankgiro: 60 29 06 11 787
lise.nymark@tussa.com



vestafor måne

Guri Aasen

Forteljar

Tlf: (+47) 936 06 715
guri-aas@online.no
www.vestaformane.no
Org.nr: 982 358 973

PROSJEKTSKILDRING

Forteljeframsyninga som skal verte til eit album å blade i.

«Kven hadde ho vist seg å vere tru, skulptør Tore Bjørn Skjølsvik si fiskarkonestatue på Vågsplassen i Fosnavåg, om ho kunne tre ned av sokkelen sin og fortelje oss om livet sitt?»



Design: Cann A/S

Dette er inngongsspørsmålet i forteljeframsyninga « Fiskarkona og døtrene hennar – eit 100 årig kvinneminnealbum», som no skal verte bildebok.

Bakgrunn for prosjektet

Det var i 2010 eg i høve Herøy kommune si likestillingssatsing « Herøyløftet » fekk oppdraget å leite fram den løynde lokale kvinnehistoria. Det overordna målet var å synleggjere dei mange viktige aktørane i kystkvinnekulturen frå midten av 1800 talet til moderne tid. I Herøy, som langs resten av Norskekysten, har kvinnene levd saman med menn som har hatt arbeidslivet sitt på havet, og såleis til alle tider vore vane med både å klare seg sjølve og å søke samarbeid med andre. Vekslingane i årstider og sesongar har gjeve ramene for korleis dei fram gjennom tidene har innretta seg.

Medan det har vore skrive hyllemeter på hyllemeter om fiskarane og sjømennene sine bragder, og ikkje minst om båtane deira, har det stått heller dårleg til kva gjeld dokumentasjon av kvinnene sin innsats, og kunnskapen om rolla dei har spelt som «byggesteinar» i lokalsamfunnet har stått i fare for å gå i gløymeboka.

➤ **Herøy - øyriket ved storhavet.** (Saksa frå kommunen si heimeside og Wikipedia)

«Med storhavet som næraste nabo og kort veg til Ålesund, Ulsteinvik, Volda og Ørsta, ligg Herøy kommune midt i matfatet. Dei enorme ressursane i det fiskerike havet har alltid vore grunnlaget for busetnad, vekst og utvikling.

Båten var og er ein sentral del av livet til dei knapt 9000 innbyggjarane, og ein stor del av Noregs fiskeri- og offshorereiarlag har adresse i kommunen.

Kommunesenteret Fosnavåg har vekse fram rundt den lune, naturlege hamna som til alle tider har gitt ly til båtar og menneskap. Den vesle kystbyen er fleire gongar kåra til den fremste næringsbyen i Noreg.»



Sildefiske Fosnavåg i 1950 åra, Foto: Herøy sogelag/ Furmyr

Mål med prosjektet: Frå dokumentasjon til framsyning til bildebok

Forteljeframsyninga « Fiskarkona og døtrene hennar » består av tolv forteljingar/ minnebilete frå tidsromet 1860 - 1960, der eg har søkt å lyfte fram tilveret til eit utval av dei tusenvis av kvinnene som gjennom tidene, direkte eller indirekte har hatt arbeids- og yrkeslivet sitt prega av fiske og sjøfart, enten dei no arbeidde som kverkejenter og klippfisk-kjerringar på kaiene og i sjøbudene, egna line, jobba på hermetikken, røykeriet, sildemjølfabrikken eller notbøteriet, eller på anna vis har utgjort mottaksapparatet for foredlinga av havets grøde. Desse både godt vaksne kvinnene og unge tausene som på hardt akkordarbeid ikkje vørde stort at ryggen jamra og fingrane vart hovne og hudlause - desse som rett og slett heldt livet på land i gong medan karane hausta havet.

Borna må óg med, då dei til langt inn i vår tid møtte arbeidslivet frå dagen hendene var sterke nok til å ro ein færing, skjere ei torsketunge eller bere eit fongen med klippfisk.



Sildesalting i Fosnavåg ca. 1913, Foto: Andreas Berge

Samlinga med historier har vekse fram frå saumfaring av eit mangfald av lokalhistoriske skrifter, bygdesoger og annan føreliggande litteratur om kystkvinnene, samt 50 timar med samtalar tatt opp på diktafon i løpet av året 2010 med 32 kvinner og menn i alderen 48 – 104 år, alle med solid handlingsbóren kunnskap frå eigne liv og klare minne om mødrene og formødrene sitt strev.

I ettertid har det synt seg at dokumentasjonen vart gjort « i grevens tid» med tanke på å ivareta den eldste generasjonen sine opplevingar og minnebilede. Siste åra har fem av informantane mine gått ut av tida, medan fleire andre har tapt minnet grunna demenssjukdom.

Sidan urpremieren for eit fullsett Herøy Kulturhus 1. april 2011, har «*Fiskarkona og døtrene hennar*» vandra land og strand rundt med meir enn 50 framsyningar til no.

Nemnast kan Ålesund teaterfestival, den internasjonale forteljarfestivalen i Oslo, Ivar Aasen tunet i Ørsta, Herøy kystmuseum, Teaterfabrikken i Ålesund, Gamle Kvernes bygdemuseum på Averøya, samt ei rad grendahus rundt omkring på Sunnmøre. I tillegg har den vore kjøpt inn av både Den kulturelle spaserstokken og Den kulturelle skulesekken i Møre og Romsdal. Våren 2016 har vi i så måte turnert 30 ungdomsskular og vidaregåande skular i fylket. Neste stopp er kystkulturhelga i Bjørnsund jonsokaftan.

Meir om framsyninga finnst på mi heimeside: <http://www.vestaformaane.no/fiskarkona-og-dotrene-hennar-eit-100-arig-kvinneminnealbum-i-ord-og-tonar/>

Her er ein filmsnutt frå Den internasjonale forteljarfestivalen i Oslo 2014:

<https://www.youtube.com/watch?v=pGGufn2ycoA>



Frå Forteljarfestivalen i Oslo 2014. Andrine Longva Kopperstad og Guri Aasen. Foto: Linn Eli Kopperstad

➤ **Kvifor bok - og korleis?**

Ynskemålet med å feste forteljingane til papiret er at dokumentasjonsarbeidet eg har gjort i endå større grad enn som framsyning åleine skal kunne bidra til ivaretakinga av denne overmåte viktige kvinne- og barnehistoriske kunnskapen som er i ferd med å gå tapt. Slik vil historiene verte frigjorde frå forteljaren sitt hovud og stå på egne bein – og såleis få eit lengre liv.

Då boka er eit *KVINNEMINNEALBUM*, vert ho sjølv sagt rikt illustrert med lokale foto av kvinner i fisketilverkinga, slik ein ser døme på i manusutkastet. I løpet av arbeidet med framsyninga dukka det frå private album, Herøy sogelag og Herøy kystlag sine arkiv fram fleire høgaktuelle motiv frå ulike tidsepokar, fleira av dei eignalutar som til no ikkje har vore offentleggjorde, og som vil få nytt liv som motiv i boka. (**Manusutkast/ råtekst under vedlegg**)

Ein viktig pilar for meg i prosjektet er at Herøy sogelag og Herøy sanitetsforeining stadfestar at boka vil ha stor lokalhistorisk og kvinnehistorisk verdi.

(**Støtteuttalar frå dei to organisasjonane under vedlegg**)

Arbeidsform i stipendperioden:

Forteljingane som utgjer bokmanuset er i grove trekk ferdig formulerte. Dette fordi eg i prosessen med utvikling av framsyninga i 2010 – 2011 brukte mykje tid på skriftleg bearbeiding av samtalaneg hadde med informantane mine og redigering av det historiske kjeldestoffet. Dette vonar eg det vedlagde manusutkastet med råtekst vil underbygge.

Hovudoppgåvene for meg vidare i prosessen vert difor i hovudsak slik:

- **Redigere og reinskrive føreliggjande tekstmateriale:** Søke å oppnå ein litterær form som overfører det særegne uttrykket i ei munnleg forteljing til tekst som skal tolkast av lesar. Den kunstnariske utfordringa vil i så måte vere å frigjere karakterane sine stemmer frå mi stemme. Dette er eit kunstfelt som for meg som forteljar er nytt, og svært interessant i høve eigen kunstnariske utvikling.

- **Korrekturarbeid i samarbeid med ekstern korrekturlesar:** Sidan eg ikkje har vekse opp i Herøy og har dialekta i blodet, er det svært viktig for meg å få profesjonell hjelp til å gje karakterane sine stemmer rett dialekt og syte for at seiemåtane eg nyttar er truverdige. I tillegg til justering av ortografi og grammatikk.
- **Innsamling av aktuelt fotomateriale frå private og offentlege arkiv/ innhente naudsynte løyve til å nytte foto og tekstar,** jfr. Lov om opphavsrett: Som de det går fram av vedlagde manusutkast har eg allereie ein del foto som eg har nytta som scenografi i framsyninga. Desse og fleire må eg innhente løyve til å nytte som illustrasjonar i boka. Eg har avtale med Herøy sogelag og Herøy kystlag om å nytte foto frå deira arkiv, og desse to organisasjonane har også tilbode seg å hjelpe til med innsamlingsarbeidet. På same måten må eg innhente løyve til å nytte tekstmateriale frå ein del av dei litterære kjeldene forteljingane er tufta på.
- **Kunstnarisk utforming av boka – design.**



Eg gir boka ut på eige forlag, **vestafor måne**. LongOrv design og eg vil i samarbeid utvikle eit format som på best muleg måte underbygger og visualiserer det kunstnariske innhaldet.

(Pristilbod frå LongOrv design vedlagt under budsjett)

- **Marknadsføring og innsalg av boka.** Ei viktig satsing vil vere å gjere avtalar med føreliggande distribusjonskanalar, slik som:
 - Bokhandlar (**Intensjonsavtale med Vestvang bokhandel vedlagt under budsjett**)
 - Bibliotek
 - Historielag
 - Utdanning- og forskningsmiljø på høgskule/ universitet
- **Fiskarkona som litteratur til formidling i skuleverket:** Ei viktig målsetjing er at boka skal kunne nyttast som læremiddel i skuleverket. Etter å ha avvikla 30 framsyningar for elevar i ungdomsskular og vidaregåande skular, sit eg att med ei kjensle av at dei 45 minutta eg delte med desse lyttande ungdommane og lærarane deira med godt hell kunne vore lekk i ei ytterlegare fordjupning. Saman med framsyning og verkstad i forteljeskaping vil boka danne eit solid fundament for både kunst-, kultur-, historie- og språkpedagogisk formidling. Eit slikt prosjekt vil eg kunne fordjupe meg i når eg veit at bokprosjektet økonomisk kan la seg realisere. I såfall vil eg søke om produksjonsstøtte mellom anna frå Litteraturbruket i Norsk forfattersentrum. (<http://www.forfattersentrum.no/litteraturbruket/>)

Ei gripande stund på skulen

Gjennom kultursekken får skuleelevar fagleg påfyll på ein annan måte, fredag hadde skulane i Norddal kommune besøk av Guri Aasen som fortalde om kvinneskjebner i tidlegare tider.

Britt Ingunn Maurstad
britt@storfjordnytt.no

Guri Aasen og felespelaren Andrine Longva Kopperstad starta fredagen på Valldal skule før dei tok turen over fjorden for å vise framсыninga for ungdomsskuleelevar ved Eidsdal skule. Også ungdomsskulen i Geiran hadde tatt turen over fjellet for å høyre om fiskarkonene.

Aasen fortalde at ho synest det meste av historie dreier seg om menn og deira bragder. Kva dei kvinnene, spurde ho. Som ei som vart att heime og tok seg i hus og heim og ungar og gard og fangst frå havet medan men-

nene deira var på sjoen. Ho ville finne ut meir om historiene til desse kvinnene og har intervjuet 35 personar, flest kvinner, med ein snittalder på 80 år – og den eldste var heile 104 år gammal. Ut frå desse historiene har ho laga historia om fiskarkonene. Historiene deira er blitt til framсыninga "Fiskarkona og dotrene hennar".

Framсыninga er eigentleg på halvannen time, men til bruk i kultursekken er den korta ned til om lag ein skuletime. Fem historier av levde liv fekk vi høyre, der godord og ros ikkje nødvendigvis var daglegdags. Så når mannen sa til kona si: "Du er ikkje akkurat ei prydbusk, men heller eit tuntre", så var det eit kompliment av dei heller sjeldne. Vi fekk høyre om livet til fleire ulike kvinner, mellom andre klippfiskkjerringa, kverkejenta og hermetikkarbeiderska – og det gjorde nok inntrykk då Aasen fortalde at mange av desse kvinnene, var på alder med jentene i gymsalen på skulen denne dagen – og alle arbeidde dei og



Forteljar Guri Aasen og muskar Andrine Longva Kopperstad leverte ei levande og gripande framсыning på skulen sist fredag.

måtte greie seg sjølve.

Det var ei levande og gripande historie elevane fekk denne fredagen. Framсыninga

starta ved fiskarkonestatua i Fosnavåg – og den enda også der og Aasen er ein god forteljar som evnar å gjere stoffet levande for

dei som høyter på. Vagre feletonar innimellom forteljingane om dei ulike kvinneskjelsene gjorde opplevinga komplett

Reportasje i Storfjordnytt frå framсыning ved Eidsdal skule i høve turné for Kultursekken i Møre og Romsdal våren 2016

Konklusjon:

Eg har eit brennande ynskje om å realisere denne forfattarskapen, som eg av heile mitt hjarte trur vil verte eit vakkert og viktig litterært bidrag i både eit kvinnehistorisk og lokalhistorisk perspektiv, ikkje minst som kulturbærande arvestykke for born og unge. Som forteljar ser eg det som mi plikt å målbære stemmene til alle desse formødrene våre som så lite har heva dei sjølve.

Som lekk i fullføring av prosjektet vil støtte frå Herøy kommune vere eit overmåte viktig økonomisk bidrag og som anerkjenning av meg som forteljande forfattar/ forfattande forteljar.

Eg takkar på førehand for positiv handsaming av søknaden.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2015/1232
		Arkiv:	243

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
59/16	Komite for næring, kultur og idrett	12.09.2016

SØKNAD OM KULTURMIDLAR - EINGONGSINVESTERING/PROSJEKT, "NEI TIL MOBBING"

Tilråding:

1. Regine Hermansen Sandhaug og Maria Husøy får tilsegn om tilskot på inntil kr. 25 000 til filmprosjektet «Nei til mobbing»
2. Tilskotet kan utbetalast når de ligg føre kvittering for gjennomført prosjekt
3. Tilskotet skal dekkjast over post 14700.4011.231 Aktivitetstilbod barn og unge

Særutskrift:
Regine Hermansen Sandhaug og Maria Husøy
Økonomileiar
Kulturleiar
Arrangementsleiar

Vedlegg:

Søknad om sponsormidlar
Sponsormidlar Prosjekt «Nei til mobbing»
Sponsormidlar – Budsjett - Regnskap

Saksopplysningar:

Regine Hermansen Sandhaug og Maria Husøy søkte hausten 2015 om kulturmidlar til filmprosjektet «Nei til mobbing».

Søkjarane skreiv i søknaden:

«I 2014 fekk eg (Regine Hermansen Sandhaug) og mi beste venninne, Maria Husøy, tildelt PIR-prisen. Prisen blir i hovudsak utdelt til nokon som har jobba for å gjere nærmiljøet kjekkare og betre for ungdom. Vi mottok prisen som et resultat av vårt arbeid mot mobbing. Vi heldt foredrag retta mot dei ulike trinna på skulane i kommunen, eit prosjekt som seinare viser til gode resultat. Vi fikk i den forbindelsen ein sjekk på ti tusen kroner som skal brukast til noko som er i fordel for ungdommen. Vi har vore veldig bevisst på at desse pengane skal brukast godt og til noko som er i regi mot mobbing. Vi ynskjer at budskapen skal nå flest mogeleg generelt og ungdommane spesielt. Etter eit år med grubling har vi funnet ut at vi ynskjer å lage ein film. Vi har difor kontakta kinosjefen i Herøy kommune, og har fått klarsignal om at vi skal få vise filmen i forbindelse med reklame og trailerane som visast før kinofilmen. Vi vil sjølvstendig også ta kontakt med andre kinoar og skular med det formål at filmen når ut til flest mogeleg ungdommar på Sunnmøre. Dette skal vere ein lokal film. Filmen må være målbevisst, informativ og nå fram. (alle skal tenke at dette kan eg gjere noko med, det gjelder oss alle). NULLTOLERANSE! Etter både sett og høyrte mykje bra om Media-linja i Volda, så har vi no oppretta kontakt med to 2.års studentar ved Høgskulen i Volda på MID-linja som er interessert i å gjere denne ideen om til verkelegheit. I eit prosjekt som dette strekkjer ikkje pengane vi vann, kr ti tusen, heilt fram. Vi ynskjer i den forbindelse sponsorar som kunne tenkje seg å bidra til dette spennande prosjektet med ein sum. Alle sponsorar vil bli namngitt i filmen.»

Frå kulturavdelinga vart søkjarane orienterte om at søknaden fell inn under retningslinene for kulturmidlar, og at den ville bli behandla når det førelåg budsjett med oversikt over kostnader og finansiering. I mellomtida har søkjarane orientert kommunen om framdrifta.

22. juni mottok kommunen revidert søknad om kulturmidlar der søkjarane skriv at prosjektet er no, om enn seinare enn planlagt, ferdigstilt og vil bli vist ved Fosnavåg kino samt ved skular m.v. når sponsormidlane som er lova blir utbetalt.

Vurdering og konklusjon:

Søknaden frå Regine Hermansen Sandhaug og Maria Husøy oppfyller kulturmidlane sine retningslinjer for tilskot til eingongsinvestering/prosjekt som fylgjer:

- Maksimumsbeløp er kr. 40 000,-. Dekninga skal ikkje overstige ¼ del av kostnadane
- Før utbetaling skal det leggjast fram kvitteringar for gjennomført prosjekt

Total kostnad for prosjektet er kr. 71 663 og ¼ del av dette er kr. 17 916.

På søkjartidspunktet var prosjektet underfinansiert med kr. 17 775,-.

Born og unge er både eit av kommunens seks gjennomgåande perspektiv og eit av kommunens fem satsingsområde i gjeldande kommuneplan for Herøy 2013-2025, samfunnsdel.

Kommunen har mellom anna vedteke at:

- «Herøy kommune vil arbeide for at barn og unge skal utvikle ein lokal identitet og auke trivselen i kommunen. Kommunen ynskjer å skape framtidig bulyst ved at barn og unge får auka deltaking og innverknad på eige oppvekstmiljø (...)» (Seks gjennomgåande perspektiv: Barn og unge)
- «Kommunen ynskjer å sikre gode oppvekstvilkår med fem haldepunkt: *Tryggleik, Mangfald, Kvalitet, Førebygging og Kompetanse*» (Satsingsområde: Barn, unge og identitetsbygging)

Rådmannens vurdering er at prosjektet «Nei til mobbing» er eit særleg viktig prosjekt. I tillegg er det særst positivt at unge frå eiga kommune tek initiativ til det viktige førebyggjande arbeidet for å redusere mobbing mellom jamaldra spesielt. Rådmannen føreslår difor å auke ramma for tilskot ut over retningslinene og inntil kr. 25 000, gitt at prosjektet ikkje har motteke anna finansiering når det er gjennomført. Filmen vil i tillegg bli vist gratis på Fosnavåg kino i framkant av filframsyningane og etter avtale mellom partane.

Konsekvensar for folkehelse:

«Til enhver tid mobbes om lag 63 000 barn og unge i Norge. Belastningen medfører blant annet betydelig økt risiko for å utvikle psykiske plager og lidelser. Risikoen varer i mange tilfeller til voksen alder.»

«Mobbing kan kort defineres som gjentatt negativ eller ondsinnet atferd fra en eller flere personer, rettet mot en person som har vanskelig for å forsvare seg (Olweus, 1991, 2004). For at en atferd skal kalles mobbing, er det ikke nok at noen opptrer aggressivt:

- *Atferden må gjentas, og det må være en ubalanse i styrkeforholdet mellom partene.*
- *Den eller de som mobber må være den sterkeste parten, eller i hvert fall oppfattes slik.*

Mobbing er ikke konflikt, men en type overgrep.»

(Folkehelseinstituttet, fakta om mobbing blant barn og unge)

I januar 2016 skreiv Regjeringa, Sametinget, Utdanningsforbundet, Foreldreutvalget for grunnopplæringen, Foreldreutvalget for barnehagen, Fagforbundet, KS, Skolens landsforbund, Skolelederforbundet, Elevorganisasjonen, Norsk Lektorlag, Private Barnehagers Landsforbund og Kristne Friskolers Forbund på vegne av friskoleorganisasjonene under på «Partnerskap mot mobbing». Satsinga skal vare frå 2016 – 2020 og erstattar «Manifest mot mobbing».

Med partnerskapet forpliktar organisasjonane seg til både felles tiltak og tiltak i den enkelte organisasjon. Partnerane skal blant anna bidra til å utvikle kompetanse lokalt om virkemiddel for å førebygge, avdekke og bekjempe mobbing og krenkingar, spreie informasjon og bygge lokale nettverk.
(Regjeringa)

Konsekvensar for beredskap:

Ingen kjende.

Konsekvensar for drift:

Ingen ut over allereie vedteke budsjett for 2016.

Fosnavåg, 02.09.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Eileen Gjerde
Kulturleiar

Sakshandsamar: Eileen Gjerde

Søknad om sponsormidler - Prosjekt «Nei til mobbing»

Mitt namn er Regine Hermansen Sandhaug. Eg er 16 år og kjem frå Herøy Kommune. Eg er 2.års student ved studiespesialiserandelinje ved Ulstein Vidaregåande Skule. I 2014 fekk eg og mi beste venninne, Maria Husøy, tildelt PIR-prisen. Prisen blir i hovudsak utdelt til nokon som har jobba for å gjere nærmiljøet kjekkare og betre for ungdom. Vi mottok prisen som et resultat av vårt arbeid mot mobbing. Vi heldt foredrag retta mot dei ulike trinna på skulane i kommunen, eit prosjekt som seinare viser til gode resultat. Vi fikk i den forbindelsen ein sjekk på ti tusen kroner som skal brukast til noko som er i fordel for ungdommen.

Vi har vore veldig bevisst på at desse pengane skal brukast godt og til noko som er i regi mot mobbing. Vi ynskjer at budskapet skal nå flest mogeleg generelt og ungdommane spesielt. Etter eit år med grubling har vi funnet ut at vi ynskjer å lage ein film. Vi har difor kontakta kinosjefen i Herøy kommune, og har fått klarsignal om at vi skal få vise filmen i forbindelse med reklame og trailerane som visast før kinofilmen. Vi vil sjølvsagt også ta kontakt med andre kinoar og skular med det formål at filmen når ut til flest mogeleg ungdommar på Sunnmøre. Dette skal vere ein lokal film. Filmen må være målbevisst, informativ og nå fram. (alle skal tenke at dette kan eg gjere noko med, det gjelder oss alle). NULLTOLERANSE!

Etter både sett og høyrte mykje bra om Media-linja i Volda, så har vi no oppretta kontakt med to 2.års studentar ved Høgskulen i Volda på MID-linja som er interessert i å gjere denne ideen om til verkelegheit.

I eit prosjekt som dette strekkjer ikkje pengane vi vann, kr ti tusen, heilt fram. Vi ynskjer i den forbindelse sponsorar som kunne tenkje seg å bidra til dette spennande prosjektet med ein sum. Alle sponsorar vil bli namngitt i filmen.

Utgiftene vi reknar med so langt er:

- Reiseutgifter
- Kinoleige/speletid
- Utgifter til studentane sitt arbeid
- Evtnt andre utgifter som måtte førekome

Vi håpar å få til eit budsjett mellom 30-50 000 kr. Jo fleire midler vi kan skaffe, jo betre vil sluttresultatet bli.

Eg, Regine, stiller gjerne til møte om det skulle vere ønskeleg. Dersom dykk treng meir informasjon eller om det er nokre spørsmål om prosjektet kan dykk ta kontakt med meg.

Med vennleg helsing,

Regine Hermansen Sandhaug og Maria Husøy (som dette året studerer i USA).

E-post: Regine1998@hotmail.com

Telefon: 951 00 170

Kontonummer: 3910 53 47115

Fra: Capt. Asbjørn Endresen [<mailto:pce@tussa.com>]
Sendt: 22. juni 2016 12:48
Til: postmottak
Kopi: Regine Sandhaug
Emne: Søknad om sponsormidler Prosjekt "NEI TIL MOBBING"

Att.: Kulturleiar Eileen Gjerde

Hei Eileen,

Jeg fører dette "i pennen" på vegne av Regine og Maria som søkte om støtte til sitt filmprosjekt "Bli en Kvardagshelt".

Prosjektet er nå, om enn noe senere enn planlagt, ferdigstillet og vil bli vist ved Herøy Kino og andre samt ved skoler m.v. når sponsormidlene som er lovet blir utbetalt.

Vedlegger Budsjett og regnskap over prosjektutgifter og håper at Kulturmidler som omsøkt og i størrelse som vist i vedlegg kan innvilges og utbetales. Konto i Sparebanken Møre **3910 53 47115**

Et foreløpig filmklipp er ferdig og jentene kan komme på ditt kontor å vise dette om ønskelig.

Med vennlig hilsen

for Maria Husøy og Regine Hermansen Sandhaug

Asbjørn Endresen
Medhjelper

SPONSOROVERSIKT		
Remøy Manag.	5 000,00	Innbetalt
Olympic	5 000,00	Innbetalt
Sparebanken mr	10 000,00	Innbetalt
Herøy næringsforum	10 000,00	Egenkapital - "PIR-prisen 2014"
Herøy Kommune, kulturmidler	23 887,67	Max 1/3 av Budsjett
Øreavrunding	0,33	
SUM SPONSORMIDLER	53 888,00	Tilstrekkelig til å komme i gang
BUDSJETT		
Filmproduksjon	37 819,00	Prioritert betaling (Se vedlegg)
Reiserekning Elise	6 742,20	Prioritert betaling (Se vedlegg)
Medhjelp, transport	921,60	(Se vedlegg)
Herøy Kino	0,00	Prisar i følge tilbød frå MDN (Media Direct Norge, Kinoreklame) (Se vedlegg)
Ulstein Kino	5 560,00	
Ørsta Kino	5 560,00	
Haram Kino	5 560,00	
Vidare marknadsføring	9 500,00	
Øreavrunding	0,20	
SUM	71 663,00	
Budsjettbalanse	-17 775,00	Søker flere Sponsorere



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2016/361
		Arkiv:	223

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
60/16	Komite for næring, kultur og idrett	12.09.2016

SØKNAD OM KULTURMIDLAR - KURS, HERØY MÅLLAG

Tilråding:

1. Herøy Mållag får tilsegn om tilskot på kr. 3 519 til deltaking for eigne medlemer på Noregs Mållag sitt haustseminar på Lom 2016
2. Tilskotet kan utbetalast når det ligg føre rekneskap for seminaret
3. Tilskotet skal dekkjast over post 14700.4011.377 Disposisjonspost

Særutskrift:

Herøy Mållag v/ Berit Klepp, Storenesvegen 10, 6070 Tjørvåg
Økonomileiar
Kulturleiar

Vedlegg:

Kulturformål – søknad om tilskudd

[Haustseminar Lom \(Uprenta. Sjå lenkje\)](#)

Saksopplysningar:

Herøy Mållag skal ta del på Noregs Mållag sitt haustseminar i Lom 2-4. september 2016, og søker om kr. 5 000 i tilskot for 4 personar. I samtale med kasserar vart det verdien av å delta med eit samla styre framheva, for fagleg påfyll og å auke kunnskapen knytt til mållaget sitt vidare arbeid. Herøy Mållag har 56 medlemmer. Noregs Mållag skipar til eit landsomfattande seminar ein gong i året. I år er det 100 år sidan Tor Jonsson vart fødd. Bygda Lom var sentral i Tor Jonssons forfattarskap, og han skapte mellom anna omgrepet bygdedyret. Innleiarane på seminaret har arbeidd med emne knytt til livet på bygdene – og framtida for bygdene.

Budsjett:

Deltaking/opphald	å 1 830	7 320
Kilometer	228 x 2, å 4,10	1 870
Passasjertillegg	228 x 2, å 1,00 pr km/pers	1 368
Totalt		10 558

«Noregs Mållag er ein demokratisk oppbygd organisasjon med 19 fylkeslag og om lag 160 lokallag i alle fylka. Samskipnaden har 12 022 medlemmer (2015).

Ungdomsorganisasjonen Norsk Målungdom har om lag 1394 medlemmer (2015).

Noregs Mållag arbeider for at alle fritt skal kunne nytte dialekten sin, og for at folk i bygd og by skal velje og ta i bruk det nynorske skriftmålet. Noregs Mållag arbeider for å fremje nynorsk på alle område i det norske samfunnet.»

(Noregs Mållag sine heimesider)

Vurdering og konklusjon:

Søknaden frå Herøy Mållag oppfyller kulturmidlane sine retningslinjer for underskotsgaranti til særskilde arrangement som fylgjer:

- Det kan gjevast tilskot når kurset har spesielt stor verdi for deltakarane sitt arbeid i laget eller lokalsamfunnet (...)
- Maksimumsbeløpet kr. 3 000 for personar tilslutta lag og organisasjonar. dekninga skal ikkje overstige 1/3 av kostnadane.

Total kostnad for seminaret er kr. 10 558. 1/3 del av beløpet utgjer kr. 3 519.

Rådmannen rår til at Herøy Mållag gis eit tilskot på kr. 3 519.

Konsekvensar for folkehelse:

Sosialt samvær, saman med generell opplysningsverksemd og formidling av kunnskap er ein viktig del av folkehelsearbeidet.

Om ein tek utgangspunkt i stad- og lokalsamfunnsutvikling; er det «å høyre til – identitet, stoltheit og kjenne eiga historie» eit viktig mål i folkehelsearbeidet. I tillegg til å kunne; medvirke, møtes og kunne bruke omgjevnadane. (Kjelde: Kyrre Kvistad, folkehelsekoordinator Nord-Trøndelag fylkeskommune ifm. Tettstedskonferansen – Stedsutvikling, folkehelse og universell utformin)

Konsekvensar for beredskap:

Ingen kjende.

Konsekvensar for drift:

Ingen ut ver allereie vedteke budsjett for 2016.

Fosnavåg, 02.09.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Eileen Gjerde
Kulturleiar

Sakshandsamar: Eileen Gjerde

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for oppvekst - 24.08.2016

1. Kommunestyret godkjenner byggeprogram for Einedalen skule – fleirbrukshall - utbyggingsalternativ 1.
2. Kommunestyret ber Rådmannen om å søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplanen for 2017-2020.
3. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet på vanleg måte føresett naudsynt finansiering.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Eigedomsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2015/1640
		Arkiv:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
29/16	Komite for oppvekst	24.08.2016
61/16	Komite for næring, kultur og idrett	12.09.2016
	Formannskapet	20.09.2016
	Kommunestyret	29.09.2016

PROSJEKT 51408 - EINEDALEN SKULE - FLEIRBRUKSHALL - BYGGEPROGRAM

Tilråding:

1. Kommunestyret godkjenner byggeprogram for Einedalen skule – fleirbrukshall - utbyggingsalternativ 1.
2. Kommunestyret ber Rådmannen om å søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplanen for 2017-2020.
3. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet på vanleg måte føresett naudsynt finansiering.

Særutskrift:

Eigedomsavdelinga
Skuleavdelinga
Kulturavdelinga
Bergsøy idrettslag – handballgruppa
Økonomiavdelinga
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Hovudverneombodet

Vedlegg:

Prenta vedlegg:

1. Prosjekt 51408 – Einedalen skule – fleirbrukshall – byggeprogram

Uprenta vedlegg

1. K-sak 36/16

Saksopplysningar:

Saka gjeld godkjenning av byggeprogram for prosjekt 51408 – Einedalen skule - fleirbrukshall.

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i K-sak 36/16 årsplan for 2016 og gjorde i den samanheng slikt vedtak:

Kommunestyret ber om at det i løpet av 1. halvår 2016 vert lagt fram byggeprogram i ulike alternativ for fylgjande byggeprosjekt:

- Einedalen skule – tilbygg fleirbrukshall
- Herøy ressurscenter
- Nedre Dragsund 2
- Bergsøy skule
- Fosnavåg driftsbasis
- Herøy kulturhus – framtidig bruk

Byggeprogram for Einedalen skule – fleirbrukshall - fyl som prenta vedlegg 1.

Byggeprogram

Herøy kommune deler sine byggeprosjekt inn i fylgjande delfasar:

Byggeprosjekt				
Programfase	Prosjekteringsfase	Anbudsfasen	Byggefase	Garantifase

Byggeprogrammet er det sentrale byggherredokumentet i programfasen og beskriv funksjonar, arealramme og overordna føringar for prosjektet. Programmet er såleis eit bestillings- og styringsdokument for Herøy kommune i etterfylgjande prosjekteringsfasen, anbudsfasen, byggefase og garantifase.

Byggeprogram vert utarbeida av eigedomsavdelinga, som ansvarleg fagavdeling for kommunale byggeprosjekt, i samarbeid med dei aktuelle administrative og politiske interessegrupper.

Prosjekt 51408 – Einedalen skule - fleirbrukshall

Byggeprogrammet for Einedalen skule – fleirbrukshall - omhandlar bygging av ein fleirbrukshall som skal stette behova både for skuleavdelinga og for private lag og organisasjonar.

Eigedomsavdelinga har utarbeida byggeprogrammet i samarbeid med skuleavdelinga (skuleleiar, rektor og verneombod ved Einedalen skule) og kulturavdelinga (kulturleiar).

Hallkapasiteten ved Herøy kulturhus og idrettshall er sprengt. Bergsøy idrettslag – handballgruppa – har difor vore ein pådrivar for prosjektet og representert i prosjektgruppa ved Jan-Arild Gjerdsbakk.

Byggeprogrammet er utarbeida i to alternativ, begge ved Einedalen skule:

Utbyggingsalternativ 1

Utbyggingsalternativ 1 omhandlar bygging av ny fleirbrukshall med speleflate 25 x 45 m. for bane 20 x 40 m.

Fleirbrukshallen føreslås for dette alternativ plassert i området ved SFO, i bakkant av dagens uteområde for skulen. Prosjektet utløyser eit behov for om lag 75 nye parkeringsplassar. Desse kan etablerast i umiddelbar nærleik til fleirbrukshallen.

Prosjektet er søkt tilpassa gjeldande krav til tippemidlar, mellom anna skal det for dette alternativet etablerast tribuneanlegg.

Utbyggingsalternativ 2

Utbyggingsalternativ 2 omhandlar bygging av ny fleirbrukshall med speleflate 23 x 44 m. for bane 20 x 40 m.

Fleirbrukshallen føreslås også for dette alternativ plassert i området ved SFO, i bakkant av dagens uteområde for skulen. Prosjektet utløyser eit behov for om lag 75 nye parkeringsplassar. Desse kan etablerast i umiddelbar nærleik til fleirbrukshallen.

Alternativt kan hallen plasserast ved dagens personalinngang til skulen. Ulempene ved dette alternativet er at hallen kan bli ruvande i forhold til skulens austlege fasade. I tillegg vurderer eigedomsavdelinga hallen som for plasskrevjande for utbyggingsområdet i tillegg til at trafikkavviklinga vert dårlegare då nye parkeringsplassar fortsatt må etablerast i området ved SFO. Dette vil etter alle solemerker føre til at brukarane av hallen likevel parkerer i umiddelbar nærleik til hallen. Dette vil vere særst uheldig for elevar og andre mjuke trafikantar, men vil også vere uheldig for prosjektet generelt.

Prosjektet er søkt tilpassa gjeldande krav til tippemidlar, men dette alternativet er utan tribuneanlegg, noko eigedomsavdelinga vurderer som svært uheldig for anleggets attraktivitet og funksjonalitet.

Kostnadskalkyle

Eigedomsavdelinga har utarbeida ei kostnadskalkyle for prosjektet. Kalkyla byggjer på tal frå Norsk Prisbok, utarbeida av Norconsult AS, og basert på statistikk frå ferdigbygde prosjekt:

Kostnad – utbyggingsalternativ 1	Kalkyle
Byggekostnad eks. MVA	53 966 436,-
MVA	12 293 512,-
Byggekostnad inkl. MVA	66 259 948,-

Kostnad – utbyggingsalternativ 2	Kalkyle
Byggekostnad eks. MVA	42 382 319,-
MVA	9 539 218,-
Byggekostnad inkl. MVA	51 921 537,-

Kalkylene tek ikkje omsyn til eventuell prisstigning fram til byggestart.

Finansiering

Rådmannen vil søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplan for 2017-2020.

Prosjektet kan delvis finansierast ved hjelp av RDA-midlar på totalt kr. 7 mill., men vedtaket frå komite for næring, kultur og idrett (PS 17/15) føreset at prosjektet er gjennomført innan 31.12.2017. Det er umogleg, gitt at finansiering kjem på plass i budsjett for 2017.

Begge prosjektoalternativa kan få delfinansiering via tippemidlar. Alternativ 1 kan maksimalt gi kr. 10,7 mill. medan alternativ 2 kan gi maks kr. 7 mill.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår kommunestyret til å godkjenne byggeprogrammet for Einedalen skule - idrettshall- utbyggingsalternativ 1.

Hallkapasiteten ved Herøy kulturhus og idrettshall er sprengt. Dette begrensar aktivitetsnivået for handball, men også for andre brukarar av hallen. Rådmannen legg difor til grunn at det er eit kvalifisert behov for utviding av hallkapasiteten i Herøy.

Utbyggingsalternativ 1 er det mest framtidsretta utbyggingsalternativet då ein hall med tribuner aukar funksjonaliteten og brukarvennlegheita. Med tribuneanlegg kan også hallen avlaste Herøyhallen i større grad enn dersom den berre vert tilrettelagt for trening.

Rådmannen rår til at hallen vert plassert i bakkant av uteområdet ved Einedalen, då dette er det beste alternativet med tanke på trafikkavvikling i tillegg til at dette alternativet er til minst ulempe for Einedalen skule.

Konsekvensar for folkehelse:

Ikkje vurdert.

Konsekvensar for beredskap:

Ikkje vurdert.

Konsekvensar for drift:


Ikkje vurdert.

Fosnavåg, 03.05.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Robert Myklebust
Eigedomsleiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust



HERØY KOMMUNE

EINEDALEN SKULE

Fleirbrukshall

BYGGEPROGRAM

Herøy kommune deler sine byggeprosjekt inn i fylgjande delfaser:

BYGGEPROSJEKT				
Programfase	Prosjekteringsfase	Anbodsfasen	Byggefasen	Garantifase

Byggeprogrammet er det sentrale byggherredokumentet i programfasen og beskriv funksjonar, arealramme og andre overordna føringar for prosjektet.

Byggeprogrammet er såleis eit bestillings- og styringsdokument for Herøy kommune i etterfylgjande prosjekteringsfasen, anbodsfasen, byggefasen og garantifasen.

Einedalen skule opna i 2010 og er barneskule for 230 elevar frå 1. til 7. trinn samt SFO.

Utbyggingsalternativ 1

Prosjektet omhandler bygging av ein fleirbrukshall med speleflate 25 x 45 m. for bane 20 x 40 m. ved skulen. Hallen skal ha fast publikumsamfi over materialrom.


Hallen skal fungere som ei sjølvstendig brukseining ved sidan av ordinær skuledrift.

Utbyggingsalternativ 2

Prosjektet omhandler bygging av ein fleirbrukshall med speleflate 23 x 44 m. for bane 20 x 40 m. ved skulen. Hallen byggast utan publikumsamfi.

Hallen skal fungere som ei sjølvstendig brukseining ved sidan av ordinær skuledrift.

Herøy kommune organiserer sine byggeprosjekt slik:



INFORMASJONSFLYT

All informasjonsutveksling mellom ansvarleg prosjekterande, ansvarleg utførande og kommunen som byggherre vedrørende prosjektet skal gå via prosjektleiार som kommunens byggherrerepresentant.

Prosjektleiaren koordinerer informasjonsflyten vidare mot eigedomsforvaltar, den tenesteytande avdeling og andre brukar- og interessegrupper.

Byggeprosjektet er tenkt utbygd på del av kommunens eigedom gnr. 24 bnr. 74:



REGULERINGSPLAN

Reguleringskart og føresegner fyl som vedlegg 1 og 2 til byggeprogrammet.

FAKTISK BRUK

Utbyggingseigedomene vert i dag hovudsakleg nytta som uteareal for elevane ved skulen. Bygging av fleirbrukshall på tomte inneber likevel ikkje krav til kompensert uteareal då skulen ynskjer at elevane skal nytte uteområdet ved byggets framside.

NABOLAG

Eigedomene grensar inntil private grunneigarar i nord, sør, vest og aust.

GRUNNFORHOLD

Grunnforhold er ikkje vurdert.

Byggeprosjektet er tenkt utbygd på del av kommunens eigedom gnr. 24 bnr. 74:



REGULERINGSPLAN

Reguleringskart og føresegner fyl som vedlegg 1 og 2 til byggeprogrammet.

FAKTISK BRUK

Utbyggingseigedomene vert i dag hovudsakleg nytta som uteareal for elevane.

NABOLAG

Eigedomene grensar inntil private grunneigarar i nord, sør, vest og aust.

GRUNNFORHOLD

Grunnforhold er ikkje vurdert.

ATKOMST

Atkomst til prosjektet etablerast via eksisterande hovudatkomst til Einedalen skule.

PARKERING

Byggherre har i førehandskonferanse med bygningsmyndigheitene avklart at prosjektet utløyser eit behov for totalt 100 parkeringsplassar ved utbygging etter alternativ 1. Byggherre føreset at behovet vert redusert ved nedskalert utbygging.

Tomtealternativ 1

Område for parkering er markert i situasjonsplanen nedanfor.



Det er allereie 25 parkeringsplassar, inklusiv 2 HC-plassar, innanfor skuleområdet som kan takast med i dimensjoneringa av parkeringsbehov for fleirbrukshallen. Det er soleis behov for ei netto utbygging av omlag 75 parkeringsplassar, der omlag 5 plassar bør tilpassast HC-parkering.

Tomtealternativ 2

Område for parkering er markert i situasjonsplanen nedanfor.



Det er allerede 25 parkeringsplassar, inklusiv 2 HC-plassar, i det området som fleirbrukshallen er tenkt plassert. Desse plassane skal kunne nyttast også etter at prosjektet er ferdigstilt. Det er soleis behov for ei netto utbygging av omlag 75 parkeringsplassar, der omlag 5 plassar bør tilpassast HC-parkering.

BEBYGGELSE

Tomtealternativ 1

Fleirbrukshallen skal byggast som sjølvstendig bygg med eigen hovudinngang frå nyetablert parkeringsområde for prosjektet. Det skal etablerast overbygd uteareal for å sikre gangforbindelse mellom skulen og fleirbrukshallen.

Tomtealternativ 2

Fleirbrukshallen skal byggast som eit tilbygg til Einedalen skule, men med eigen hovudinngang på bakkeplan i området ved dagens parkeringsområde og personalinngang. Fleirbrukshallen og skulebygget skal samanbyggast slik at ein kan bevege seg innandørs mellom skulen og fleirbrukshallen, både på grunnplan og i 1. etasje.

ARKITEKTONISK UTTRYKK

Tomtealternativ 1

Fleirbrukshallen skal stå i stil med skulens arkitektur forøvrig og søkast tilpassa terrenget og dei naturlege omgjevnadane på ein god måte.

Tomtealternativ 2

Fleirbrukshallen skal stå i stil med skulens arkitektur forøvrig Det er viktig at utsiktsforhold og innslepp av dagslys til skulens fasade aust vert ivaretekne på best mogleg vis.

GRENSESNIITT MOT EKSISTERANDE BEBYGGELSE

Fleirbrukshallen skal kunne nyttast sjølvstendig og uavhengig av skuledrifta.

ANDRE RELEVANTE FORHOLD

Ingen særskilte forhold.

6.1	INNLEIING
------------	------------------

Funksjons- og arealanalysa beskriv dei funksjonar og areal som minimum krevest for prosjektet.

Byggherre har særleg teke utgangspunkt i Byggforsk sine byggdetaljblad 341.706 og 379.201 i planlegginga. Likeins har ein vurdert byggeprogrammet opp mot rettleiar frå kultur og kirkedepartementet til planlegging, bygging, drift og vedlikehold av fleirbrukshaller samt gjeldande kvalifikasjonskrav for tippemidlar.

6.2	ALTERNATIV 1: FLEIRBRUKSHALL 25 x 45 M.
------------	--

PRIMÆRFUNKSJONAR

Prosjeket utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Speleflate	01	1125	1125	Speleflate 25 x 45 m. for bane 20 x 40 m. Skal kunne delast i 3 like soner. Netto innvendig fri takhøgde minimum 7 meter.
Ribbevegg	01	-	-	
Buldrevegg	01	-	-	
Tribuneanlegg	01	-	-	Fast installasjon over materialrom. Krav til 100 % siktline til speleflate.
Materialrom	01	100	100	Felles materialrom for hallen. Skal delast i 3 like soner under tribuneanlegget.
Trimrom	01	50	50	I direkte tilknytning til fellesarealet. For kondisjon- og styrketrening samt andre kroppsøvingsaktivitetar.
Lege og sanitetsrom	01	15	15	Krav til direkte atkomst frå utside for ambulansepersonell.
Vaktrom og sekretariat	01	10	10	Speaker- og sekretariatsfunksjon,. Må ha utsyn til speleflate.
Kiosk	01	10	10	For sal av kioskvarer, ikkje tilbereding av mat.
Garderobe - dame	02	30	60	
Dusjrom - dame	02	24	48	
Toalett - dame	02	02	04	

Garderobe HC - dame	01	10	10	Garderobe og toalett. Skal planleggast etter BANO-prinsippet.
Garderobe herre	02	30	60	
Dusjrom - herre	02	24	48	
Toalett - herre	02	02	04	
Garderobe HC - herre	01	10	10	Garderobe og toalett. Skal planleggast etter BANO-prinsippet.
Dommargarderobe	02	06	12	Også for skulens undervisningspersonale.
SUM NTA	-	-	1566	-

FELLESFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Publikumstoalett dame	03	02	06	3 separate båser.
Publikumstoalett herre	02	02	04	1 separate båser + urinal.
Publikumstoalettrom HC	01	06	06	
SUM NTA	-	-	16	-

DRIFTSFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav til driftsfunksjonar for drift av bygget:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Teknisk rom	01	25	25	VVS, sprinkler og IKT
Tavlerom	01	01	01	Separat frå teknisk rom.
Reinhaldssentral	01	20	20	Med utslagsvask og slukbrønn i gulv. Dør slår ut.
Bøttekott	01	02	02	I eventuell 2. etasje.
Lager	01	10	10	Reinhald
Lager	01	10	10	For eksterne brukarar

Varelevering	01	10	10	
Avfallsrom	01	06	06	Låsbar rulleport minimum 130 cm bredde.
SUM NTA	-		84	-

ATKOMST & LOGISTIKK

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Hovudinngang	01	-	-	Krav om vrimleareal og sosial sone.
Trapp / trapperom	01	-	-	
Heis / heisrom	01	-	-	
Inngang tribune	02	-	-	
Varelevering	01	-	-	
SUM NTA		-	-	-

UTANDØRS

Prosjektet utløyer slike krav til utandørs arealdisponering:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Parkeringsplass	70	20	1400	
Parkeringsplass - HC	5	30	150	
SUM	-		1550	-

6.2	ALTERNATIV 2: FLEIRBRUKSHALL 23 x 44 M. FOR BANE 20 X 40 M.
-----	--

PRIMÆRFUNKSJONAR

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Speleflate	01	1012	1012	Speleflate 23 x 44 m. for bane 20 x 40 m. Skal kunne delast i 3 like soner. Netto innvendig fri takhøgde minimum 7 meter.
Ribbevegg	01			
Materialrom	01	70	70	Felles materialrom for hallen. Skal delast i 3 like soner.
Trimrom	01	50	50	I direkte tilknytning til fellesarealet. For kondisjon- og styrketrening samt andre kroppsøvingsaktivitetar.
Vaktrom og sekretariat	01	10	10	Speaker- og sekretariatsfunksjon,. Må ha utsyn til speleflate.
Garderobe - dame	02	30	60	
Dusjrom - dame	02	24	48	
Toalett - dame	02	02	04	
Garderobe HC - dame	01	10	10	Garderobe og toalett. Skal planleggast etter BANO-prinsippet.
Garderobe herre	02	30	60	
Dusjrom - herre	02	24	48	
Toalett - herre	02	02	04	
Garderobe HC - herre	01	10	10	Garderobe og toalett. Skal planleggast etter BANO-prinsippet.
Dommargarderobe	02	06	12	Også for skulens undervisningspersonale.
SUM NTA	-	-	1398	-

FELLESFUNKSJONAR

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
----------	-------	-------	-----	---------

Publikumstoalett dame	01	02	02	
Publikumstoalett herre	01	02	02	
Publikumstoalett HC	01	06	06	
SUM NTA	-		10	-

DRIFTSFUNKSJONAR

Prosjektet utløyer slike krav til driftsfunksjonar for drift av bygget:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Teknisk rom	01	25	25	Ventilasjon, sprinkler og IKT
Tavlerom	01	01	01	Separat frå teknisk rom.
Reinhaldssentral	01	20	20	Med utslagsvask og slukbrønn i gulv. Dør slår ut.
Lager	01	10	10	Reinhald
Lager	01	10	10	For eksterne brukarar
Avfallsrom	01	06	06	Låsbar rulleport minimum 130 cm bredde.
SUM NTA	-		72	-

ATKOMST & LOGISTIKK

Prosjektet utløyer slike krav:


FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Hovudinngang	01	-	-	Krav om vrimleareal og sosial sone.
Trapp / trapperom	01	-	-	
Heis / heisrom	01	-	-	
SUM NTA	-			-

UTANDØRS

Prosjektet utløyer slike krav til utandørs arealdisponering:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Parkering	40	20	800	
Parkering - HC	2	30	60	
SUM	-		860	-

Estimert arealbehov er oppgitt som nettoareal (NTA) og bruttoareal (BTA):



UTBYGGINGSSALTERNATIV	NTA	BTA
Utbyggingsalternativ 1 - Fleirbrukshall 25 x 45 m. for bane 20 x 40 m.	1658	2156
Utbyggingsalternativ 2 - Fleirbrukshall 23 x 44 m. for bane 20 x 40 m.	1462	1901

Forholdet mellom nettoareal og bruttoareal er vurdert etter ein brutto/netto-faktor på 1,3. Utandørs areal er ikkje medrekna.

Referatsaker

RS 5/16 Varsel om oppstart av planarbeid for Tarberg hytteområde 62/2. Varsel om oppstart av planarbeid for Tarberg hytteområde 62/2. 24.08.2016 00:00:00 B. Tarberg AS

Moltustranda 22.08.2016


Til

Grunneigarar, naboar offentleg mynde
lag og organisasjonar

Vår referanse: 201645

VARSEL OM OPPSTART AV PRIVAT PLANARBEID –

«Detaljreguleringsplan for gnr. 62 bnr. 2 m.fl Tarberg hytteområde»




Lokalisering av planområdet
DETALJREGULERINGSPLAN PBL § 12-3

Planarbeid

I samsvar med § 12-10 i plan- og bygningslova (PBL) vert det med dette varsla oppstart av privat planarbeid med utarbeiding detaljreguleringsplan etter PBL § 12-3. Denne varslinga rettar seg til aktuelle grunneigarar, naboar, offentleg mynde, lag og organisasjonar som kan ha interesse i planarbeidet.

Planområdet

Varslinga gjeld utarbeiding av detaljreguleringsplan for eit nærare avgrensa område for gnr. 62 bnr. 2 på Tarberg (Moltustranda) i Herøy kommune. Planområdet er avgrensa som vist med stipla linje på vedlagt kartutsnitt. Området omfattar eit areal på om lag 28 daa.




Formål med planarbeidet

Forslagstiller ynskjer med dette planforslaget å legge til rette for nye fritidsbustader, naust og utlegging av flytebrygger samsvar med kommuneplanens arealdel.


Gjeldande planstatus for området

Reguleringsplan:



Det er ikkje gjeldande reguleringsplanar innanfor aktuell plangrense. Planområdet er tilpassa Plan- id: «199701 VEG SANDE GRENSE – TARBERG» i sør, slik at plangrensa vert samanfallande med reguleringsplanen for fylkesvegen.

Kommuneplan:



Gjeldande arealstatus i kommuneplanens arealdel av 2015 er område for fritidsbustader (FB14), naust AN12 og framtidig småbåthamn, LNFR-areal.

Det ligg eit plankrav (RP) i kommuneplanen som seier at det skal utarbeidast ein reguleringsplan før større byggje- og anleggstiltak innanfor den avgrensa stipla linja for området.

Forslag til privat detaljreguleringsplan vil følgje opp hovudtrekka i kommuneplanens arealdel, men det kan kome justeringar knytt til formålsgrenser slik desse er vist i overordna plan.

Planprogram og konsekvensutgreiing (KU)

Planområdet er ei detaljregulering som skal følgje opp hovudtrekka i kommuneplane. Det aktuelle tiltaket med tiltenkte formål er difor i tråd med overordna arealplan. Planarbeidet er også vurdert i forhold til forskrift for konsekvensutgreiing. Det er konkludert med at planen ikkje skal konsekvensutgreiast. Ein vurderer planarbeidet til ikkje ha vesentlege verknader for miljø og samfunn at det skal vere naudsynt med KU-vurderingar utover det som er tenkt i planomtalen.

B. TARBERG AS – TARBERERGVEGEN 3 – 6076 MOLTUSTRANDA

TELEFON 91385798 | 46674461 – ORG.NR 944 082 026

b.tarberg@tussa.com

www.btarberg.no

Ein er ikkje kjend med at det er registrert automatisk freda kulturminner innanfor planområdet. Det er heller ikkje registrert utvalde naturtypar, truga artar eller særskild sårbare økosystem innanfor planområdet. Planarbeidet vil omfatte vurderingar etter naturmangfaldslova i høve eksisterande kunnskap og Direktoratet for naturforvaltning sin database. I samband med utarbeiding av reguleringsplanen, vil ein gå gjennom ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) etter sjekkliste frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Aktuelle arealformål og hovudprinsipp for planarbeidet

- Fritidsbustader - frittliggjande (FB)
- Naust (BK)
- Friområde (FRI)
- Køyreveg (f_V)
- Annan veggrunn (AVG)
- Parkering (P)
- Grønstruktur (FRI)

I samband med planprosessen vil ein også vurdere om det aktuelt med relevante tilhøyrande formål og omsynssoner.

Forslagstillar har tidlegare fått dispensasjon og løyve til utfylling i sjø for oppføring av 1 fritidsbustad. I planforslaget er området for fritidsbustader tenkt vidareført i vestleg retning mot «Hamnevegen», der fritidsbustadane er betjent av ein «sjøveg» som går frå vest mot aust. Nye naust er tenkt plassert i retning sør-nord langs hamnevegen med tilhøyrande parkeringsplasser. For området i sjø er det tenkt at dette gjennom plan blir opna opp til å legge ut flytebrygger med tilhøyrande landfeste. Det er også tenkt at ny plan skal opne opp for etablering av byggekant mot hamneområde i sjø. Forslagstillar ynskjer moglegheiter for å bygge ein jordvoll mellom «sjøvegen» og fylkesvegen for skjerming av fritidsbustadane.

Medverknad, vidare planprosess og innspel til planarbeidet

Grunneigarar, offentleg mynde, lag og organisasjonar og dei som blir direkte råka av planarbeidet vil i løpet av prosessen få moglegheiter til å medverke i planarbeidet. Dette vil inneberer at dei som har innspel eller synspunkt til planarbeidet, må sende desse innspela skriftleg til oppsett adresse innanfor dei fristane som blir opplyst ved kunngjering.

Planprosessen skal følgje reglane i plan- og bygningslova. Arbeidet med utarbeiding av reguleringsplan vil skje i regi av Aleksander Zahl Tarberg i B. Tarberg AS. Reguleringsplanen skal utarbeidast som ein detaljplan etter plan- og bygningslova (PBL) § 12-3, og vil innehalde eit plankart, reguleringsføresegner og planomtale med tilhøyrande vedlegg.

B. TARBERG AS – TARBERERGVEGEN 3 – 6076 MOLTUSTRANDA

TELEFON 91385798 | 46674461 – ORG.NR 944 082 026

b.tarberg@tussa.com

www.btarberg.no

Dersom du har innspel til planarbeidet skal desse vere skriftlege og sendast til:

B. Tarberg AS
Tarbergvegen 3
6076 Moltustranda


E-post aleksander@btarberg.no

Tlf: 46674461

Merk innspelet med tittelen; «**Detaljregulering for Tarberg hytteområde 62/2**»

Frist for innspel: **23.09.2016**

Med vennleg helsing


Aleksander Zahl Tarberg
Planleggar

Vedlegg:

1. Kart med planavgrensing ; 1:1500 i A3-format

Fra: Aleksander [mailto:aleksander@btarberg.no]
Sendt: 24. august 2016 14:19
Til: postmottak
Kopi: Arkiv Herøy
Emne: Varsel om oppstart av planarbeid for Tarberg hytteområde 62/2


Vedlagt følger dokument som vi ber blir publisert på heimesida til kommunen. Vi ber også om at varslingsbrev blir meldt opp som referatskriv til følgende komité og råd:

• Eldrerådet	Referatsak
• Maritim og teknisk komite	Referatsak
• Komite for helse og omsorg	Referatsak
• Komite for næring	Referatsak
• Komite for oppvekst	Referatsak
• Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	Referatsak


Med vennlig hilsen

Aleksander Zahl Tarberg
B.TARBERG AS
 Tarbergsvegen 3
 6076 Moltustranda
Mob: 46674461

No virus found in this message.
 Checked by AVG - www.avg.com
 Version: 2016.0.7752 / Virus Database: 4647/12869 - Release Date: 08/24/16



Detaljreguleringsplan Tarberg hytteområde gnr. 62 bnr. 2				
Dato 21.06.2016	Konstr./tegnet AZT	Godkjent	Målestokk 1:1500	
Plangrense				Erstattet av:
B. TARBERG AS				901
Henvisning:		Beregning:		Kjellmar Tarberg



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

Gurskøy Idrettslag

6080 GURSKØY

DELEGERT VEDTAK

Sakshandsamar:	ENG	Saksnr.	2016/776
Utvalssaksnr:		Arkiv:	D11
		Vedtaksdato:	09.06.2016

ENKELTVEDTAK – med klagerett i samsvar med forvaltningslova kap. 6

Innreiing av klubblokale, Gurskøy Idrettslag - idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning

Med heimel i Herøy kommune sitt delegasjonsreglement og intern delegasjon frå rådmannen, vert det gjort slikt vedtak:

Vedtak:

Vi har motteke brev datert 29. mai 2016, med søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av planane for innreiing av klubblokale for Gurskøy idrettslag i Herøy kommune.

Vi har vurdert planane og godkjenner disse med fylgjande merknader:

- Bygget som klubblokalet skal etablerast i er eit nybygg og er under bygging av Herøy kommune v/ Eigedomsavdelinga. Bygget vil oppfylle krava til universell utforming iht TEK10.

Vi minner i tillegg om at det er ei føresetnad at anlegget vert utforma og utstyrt i samsvar med veileder for «Universell utforming av idretts- og nærmiljøanlegg» V-0511 (2012).



Det kan søkast om tilskot iht. pkt. 2.6.4, Idrettshus som fylgjer:

- Klubblokale inkl. rom for møte og arrangement, inntil 1/3 del av kostnad, maksimalt kr. 1 000 000 pr eining
- Lokale for vedlikehalds-, drifts- og idrettsmateriell, inntil 1/3 del av kostnad, maksimalt kr. 1 000 000 pr eining

Prosjektet oppfyller ikkje krava til tilskot for styrketreningsrom og sosiale rom, då areala er for små.

Eit sett planar fylgjer i retur påført kommunens stempel. Ytterligare eit sett planar vert lagt ved i brevkopi til Møre og Romsdal fylkeskommune.

Dersom planane for anlegget vert endra, må nye oppdaterte planar for anlegget sendast over for fornya idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning. Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning gjeld for 2 år. Det kan søkast om forlenging.

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning må ligge føre før byggearbeida vert sett i gong og gir ingen garanti for tilskot frå spelemidlane.

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er 3 veker, rekna frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagd innan fristen. Klagen skal sendast skriftleg til det organet som har gjort vedtaket. Vis til vedtaket du klagar over, den eller dei endringar du ønskjer, og dei grunnane du vil vise til i klagen. Dersom du klager seint, slik at det kan være uklårt for oss om du har klaga i rett tid, må du også oppgje datoen denne meldinga kom fram.

Wenche Moltu
Fungerande rådmann

Eileen Gjerde
Kulturleiar

Kopi:
Møre og Romsdal fylkeskommune v/ kulturavdelinga
Herøy kommune v/ Eigedomsavdelinga

7. Prioritert handlingsprogram 2015 - 2018 Revidert handlingsprogram

7.1. Ordinære anlegg/rehabilitering og anlegg for friluftsliv 2015 – 2018 K.sak 111/16

	Anleggsoppgåver, tilrettelegging og tiltak	Ansvarleg	Tot. invest kostnad i 1000 kr	Driftsutg pr. år	Finansiering			Anleggsstart				
					Komm .midlar	Spele midlar	Privatem idler	2012	2013	2014	2015	2016
1	25 meters symjebasseng og stupeavdeling/ rehabilitering Fritidsbadet	Kommunen/ Fritidsbadet	*160.000			13.000			X			
2	Kunstgras Rehab grasbane på Bergsøy stadion	Kommunen/ BIL	10.900	50	2.200	2.500	6.300	X				
3	Kunstgras Gurskøy IL – 7-arbane	Kommunen/ GIL	3.200	35	650	950	1.900		X			
4	Klubblokale/ garderobe/ tribune v/kunstgrasbana	Kommunen/ BIL Fotball	*13.000		2.500	1.600	9.900			X		
5	Klubbhus/ reiskapshus Tjervåg IL	Tjervåg IL	**								X*	
6	Idrettshall nye Leinøy skule / Einedalen skule	Kommunen / BIL Handball	*20.000			7.000					X*	
7	Kunstgras Moltu IL – rehabilitering av anlegg	Moldtstr IL/ Kommunen	**									X
8	Innreing av GIL-kjellar ved Gurskøy stadion	Gurskøy IL	**									X
9	Fotballhall 100 x 60m	Kommunen/ BIL	**									
	Friluftslivsanlegg											
1	Tursti rundt Myklebustvatnet	Kommunen	**									X
2	Ny sløyfe rundt Grøneåsen / Leikong	Gurskøy IL	*1.200									X

X = oppstartår /bygggestart * Dette er førebels tal /kryss då anlegga framleis er under planlegging / bygging

**Særleg sikre tal er ikkje avklara



VEDLEGG 1.



Herøy kommune
v/ Kulturleiar Eileen Gjerde
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Gurskøy 2016-05-29

GURSKØY IDRETTSLAG - INNREIING AV KLUBBLOKALE; SØKNAD OM IDRETTSFUNKSJONELL FØREHANDSGODKJENNING

I samband med Herøy kommune si påbygging av Leikanger skule vil Gurskøy idrettslag (GIL) få disponere kjellaren i det nye skuletilbygget. GIL får her ei stor økonomisk og administrativ draghjelp frå kommunen og kan sjå fram til å ha eit ferdig råbygg hausten 2016. Vi har i samband med utbygginga hatt fleire møter og god dialog med kommunen for å innarbeide GIL sine behov i planlegginga av bygget.

Sjølv om kommunen stiller sjølve bygningskroppen til disposisjon for GIL, vil det framleis vere eit stor prosjekt for GIL å ferdigstille det innvendige arbeidet og innreie lokalet. Gurskøy IL håper dermed å kunne søkje tippemidlar for finansiering av delar av prosjektet. Som følge av vedtak gjort i Komite for næring, kultur og idrett i Herøy kommune 23.5.2016 ligg justert prosjekt inne på kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Gurskøy idrettslag søker med dette om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning for prosjektet *Innreiing av klubblokale ved Gurskøy stadion* på Leikong slik at det vert mogleg for oss å søkje om tippemidlar til prosjektet.

Vedlagt ligg projektskildringa for prosjektet. Om det er behov for ytterlegare informasjon er det berre å ta kontakt.

Gurskøy idrettslag håper Herøy kommune vil gjere positivt vedtak i saka.

Vennleg helsing


Oline Kleppe
leiar Gurskøy IL
E-post: olinekleppemail.com
Tlf. 92 28 94 47



 Søknaden med journalnr. 2016-776
er førehandsgodkjend av
Herøy kommune den 12/7-16



Gurskøy idrettslag Innreiing av klubblokale



Gurskøy Idrettslag
6080 GURSKØY



Søknaden med journalnr. 2016-776
 er førehandsgodkjend av
 Herøy kommune den. 12/7-16

 1 BAKGRUNN



Bygdefolket og dei ulike laga og organisasjonane på Leikong har i fleire år sett at både skulen i bygda, og storstova vår, Grendahuset, har hatt behov for utviding og oppgradering. Etter initiativ frå bygdefolket fekk vi kommunen med på eit sambruksprosjekt der kommunen står for påbygging og rehabilitering av skulen og påbygging av Grendahuset, medan bygda har fått ansvar for å fylle grendadelen av bygget med innhald.

I løpet av dei siste åra har det vore stor tilflytting og ein positiv befolkningsvekst på Leikong. Elevtalet på skulen har hatt ei jamn auke, og har auka frå 50 til 80 elevar på få år. Leikong har vorte ein attraktiv stad å flytte til for barnefamiljar i etableringsfasen. Leikanger Grendahus vart bygt i 1980 og er den store møtestaden i bygda, med eit mylder av aktivitetar frå lag og foreiningar på kveldstid og i helgane. Gurskøy idrettslag (GIL) nyttar gymsalen i Grendahuset til aktivitetar som barnegym, saltrim og fotballtreningar om vinteren når det er behov for treningar innandørs. I tilknytning til Grendahuset ligg 7'ar kunstgrasbana vår som vart opna i 2013. Også andre lag og fritidsaktivitetar i bygda, som kor, korps og kulturskule nyttar Grendahuset som base for sine aktivitetar.

35 år etter at Grendahuset vart bygd, og med aukande elevtal i bygda, såg bygdefolket på Leikong behov for å fremje eit forslag om utviding til Herøy kommune. I 2013 starta ei prosessen med å kartleggje utfordringane og behova til alle husets brukarar, og samanstillе desse.

Arbeidsgruppa utførte behovsanalyse gjennom spørjeskjema og intervju med dei ulike brukargruppene, og i tillegg vart det gjennomført eit skuleprosjekt og folkemøte. Leikanger skule vart også drege med i prosjektet for å kartlegge skulen sitt areal- og funksjonsbehov.

Arbeidsgruppa såg at ein, gjennom å tenke sambruk, kan oppnå ei rimeleg fellesløyising, som imøtekjem dei fleste behova som kom fram i brukarundersøkingane. Resultatet frå dette arbeidet vart spelt inn til politikarar og administrasjonen i kommunen, og har munna ut i eit stort sambruksprosjekt med påbygging av Leikanger skule, utviding av Leikanger Grendahus og klubb- og driftslokale for Gurskøy idrettslag i kjellaren på skuletilbygget.


Sjølve utbygginga er finansiert og gjennomført av Herøy kommune med eit økonomisk bidrag frå Leikanger Grendahus og dei øvrige laga i bygda på 1 000 000 kr. At Leikanger Grendahus kunne stille ein garanti på 1 million kroner til rådvelde for prosjektet var nok det som tippa saka i Leikong sin favør i kommunestyresalen.

Sjølvs om Herøy kommune står for sjølve utbygginga av huset står det framleis at eit betydeleg prosjekt for bygdefolket med tilrettelegging og innreiing av lokala. Sjølve skuletilbygget vil Herøy kommune syte for, men alt det innvendige byggarbeidet i kjellaren på skuletilbygget, samt oppgradering av Grendahuset må bygdefolket ta seg av.

For å best organisere dette er bygda sine oppgåver delt i to delprosjekt:

1. Oppgradering av Grendahuset med nytt storhushaldskjøken og nye bord og stolar vert gjennomført av foreininga Leikanger Grendahus
2. Innvendige byggarbeid og innreiing av kjellaren på skuletilbygget vert gjennomført av Gurskøy idrettslag.


Den følgjande prosjektskildringa gjeld delprosjekt 2 – Innreiing av klubblokale for Gurskøy IL.



2.1 Omfang

Kjellaren i skuletilbygget vil i hovudsak bli nytta av GIL i samband med aktivitetar knytt til Gurskøy stadion, samt øvrig drift av laget og mogleg treningstilbod for bygdefolket. Fasade og plan for lokala er vist i Figur 1 og Figur 2. Vi har i samband med utbygginga hatt fleire møter og god dialog med kommunen for å innarbeide GIL sine behov i planlegginga av bygget. Sjølv om kommunen stiller sjølv bygningskroppen til disposisjon for GIL, vil det framleis vere eit stor prosjekt for GIL å ferdigstille det innvendige arbeidet og innreie lokalet. Lokalet vil bli stilt til disposisjon frå kommunen som eit tomt skal utan innlagt varme, elektrisitet, vatn, ventilasjon eller innvendig snikkararbeid som veggjar, himlingar eller behandling av golv og innvendig isolering av veggjar. Kjellaren vil innehalde følgjande rom:

1. Garasje for ATV og utstyr knytt til vedlikehald av kunstgrasbana og stadion, samt gunstig lokale for vedlikehald og reparasjon av dette utstyret (stort lager i Figur 1).
2. Lager til rekvisittar for fotballtreningar og anna aktivitet på stadion, som ballar, drakter, småmål etc (lite lager i Figur 1).
3. HCWC. Eksisterande HCWC på grendehuset vil bli sanert. Nytt HCWC knytt til skule/grendehus vil bli på øvre plan utan heistilkomst frå stadion. Det er difor ynskjeleg med universelt utforma toalett på nedre plan.
4. Kiosk m/lagerareal. Frå kiosken vil det bli matsal i samband med miniturneringar, kampar og andre aktivitetar knytt til Gurskøy stadion. I tillegg vil kjøkenlokalet nyttast til matservering ved ulike arrangement i laget som fotballavslutningar og andre sosiale tilstellingar.
5. Møterom/samlingsrom. Romet vil avlaste lisjesalen på grendehuset som møterom, og auke kapasiteten for aktivitetar på bygda. Her kan idrettslaget og andre lag og foreiningar i bygda ha møter, mindre samlingar, fotballavslutningar etc. Romet kan også nyttast som kafédel i samband med matsal frå kiosken under turneringar og kampar.
6. Trimrom. På sikt håpar vi å få til eit trimrom med nokre trimapparat og styrketreningsutstyr som kan nyttast av bygdefolket. Innreiing av trimromet ligg ikkje inne i budsjettet i denne omgang.



Figur 1 Fasaden av «ny» Leikanger skule frå sør. Lokala som vert disponible for GIL er ringa inn.




Søknaden med journalnr. 2016 - 776
er førehandsgodkjend av
Herøy kommune den 12/7 - 16



Gurskøy Idrettslag
6080 GURSKØY

v 2/e



Figur 2 Areala som vil bli stilt til disposisjon for Gurskøy idrettslag (frå venstre mot høgre); garasje, HCWC, lager, kiosk, garderobe, møterom/samlingsrom og disponibelt rom/trimrom.

2.2 Budsjet

Budsjettet for prosjektet er vist i Tabell 1.

Tabell 1 Budsjettoverslag innreieing av GIL-kjellar

Spesifikasjon	Prisoverslag NOK, inkl. mva
Rørleggearbeid	110 000,-
Ventilasjon	70 000,-
Elektroarbeid , inkl. golvvarme i varme delar av bygget	170 000,-
Snikkararbeid, inkl. isolasjon, golv, veggar etc.	300 000,-
Kjøkkeninnreieing inkl. kvitevarer	70 000,-
Øvrig innreieing, lager, garasje etc.	70 000,-
Administrasjon (10 %)	75 000,-
Uforutsett/kostnadsauke (10 %)	85 000,-
Totalt	950 000,-

2.3 Finansieringsplan

Finansieringsplan for del prosjektet er vist i Tabell 2.

v 2/f.



Søknaden med journalnr. 2016 - 776
 er førehandsgodkjend av
 Herøy kommune den 12/7-16





Tabell 2 Finansieringsplan GIL-kjellar.

Spesifikasjon	NOK
Eigenfinansiering, bokførte midlar	180 000,-
Dugnadsinnsats (400 t á 250,-/t)	100 000,-
Tippemidlar	150 000,-
Momskompensasjon varer og tenester	30 000,-
RDA-midlar	200 000,-
Sponsormidlar, fondsmidlar etc.	290 000,-
Totalt	750 000,-

3 ORGANISERING

Herøy kommune er byggherre for sjølve bygningsmassen og skuledelen av bygget, i samarbeid med ei referansegruppe der bl.a. Gurskøy idrettslag bidreg. Gurskøy IL vert kalla inn til byggemøter etter behov.

Gurskøy idrettslag sitt delprosjekt er organisert som følgande:

Prosjektleder:	Oline Kleppe	Leiar GIL
Elektro og VVS, oppfølging byggearbeid	Kjetil Jøsok	Leiar vedlikehaldsgruppa GIL
Ventilasjon og snikkararbeid	Ingmar Jøsokbakke	Prosjektgruppa, snikkar
Planløysingar, innkjøp	Gunn-Cisilie Jøsokbakke	Nestleiar og kasserar GIL
Finansiering	Bjørn-Inge Taklo	Sekretær GIL

4 FRAMDRIFTSPLAN

Kommunen er i gang med sin del av prosjektet som etter planen skal ferdigstillast 5. september 2016. GIL vil prøve å få gjort ein del av sitt arbeid i løpet av byggeprosessen til kommunen for å oppnå eit så gunstig og tidseffektivt prosjekt som mogleg. Arbeid med bl.a. legging av varmekablar, elektroarbeid, VVS og ventilasjon i kjellaren er punkt som idrettslaget vil prøve å få gjort medan kommunen sitt prosjekt pågår.

5 RESULTAT OG EFFEK TAR

Ferdigstillinga av GIL-kjellaren vil gi idrettslaget eit stort løft med omsyn til tilgjengelege lokale og tilrettelegging for den daglege drifta. Den planlagde bygningsmassen vil kunne gje følgande positive effektar for idrettslaget og bygda elles:

- Betydeleg forenkling av vedlikehald og drift av kunstgrasbana og Gurskøy stadion, samt forlenging av levetid for driftsutstyr som no kan lagrast på ein forsvarleg måte.
- Auka kapasitet til møter og mindre samlingar, både for idrettslaget og andre lag som kan nytte samlingsromet.
- Ny kjøken/kioskfunksjon for kiosksal og ved mindre samlingar med matsservering.
- Auka lagerkapasitet for fotballutstyr, drakter etc.
- Tilgang til handikaptalett frå baneanlegget.

Gurskøy idrettslag og Leikongbygda håper dette prosjektet vil bidra til at Leikong vert ein endå betre stad å bu, slik at vi kan skape eit godt oppvekstmiljø for barn og unge, halde fram med å vekse, og vere ein stad å trivast for alle i bygda.



Søknaden med journalnr. 2016-776
er førehandsgodkjend av
Herøy kommune den 12/7-16









REVISJON:	TEIKNINGSNUMMER: 1340-400																																									
TITTEL: Fasade Nord og Sør																																										
STATUS: Tilbudstegning																																										
Som tegningsgrunnlag er det brukt dwg-filer: 200-101 - Kleppeåsen 44 - Planteikning - 1.etasje.dwg 200-201 - Kleppeåsen 44 - Planteikning - 2.etasje.dwg 200-U101 - Kleppeåsen 44 - Planteikning - underetasje.dwg																																										
ALLE MÅL KONTROLLERES PÅ BYGGEPLASS!																																										
<table><tr><td>Rev</td><td>Endringa gjelder</td><td>Sign.</td><td>Dato</td></tr><tr><td> </td><td> </td><td> </td><td> </td></tr><tr><td> </td><td> </td><td> </td><td> </td></tr><tr><td> </td><td> </td><td> </td><td> </td></tr><tr><td> </td><td> </td><td> </td><td> </td></tr><tr><td> </td><td> </td><td> </td><td> </td></tr><tr><td> </td><td> </td><td> </td><td> </td></tr><tr><td> </td><td> </td><td> </td><td> </td></tr><tr><td> </td><td> </td><td> </td><td> </td></tr><tr><td> </td><td> </td><td> </td><td> </td></tr></table>			Rev	Endringa gjelder	Sign.	Dato																																				
Rev	Endringa gjelder	Sign.	Dato																																							
TILTAKSHAVAR: Herøy kommune Rådhusgata 5 6090 Fosnavåg																																										
TITTEL: Fasade Nord og Sør Leikanger skule og grendahus Tilbygg																																										
 Vikegata 19A, 6150 Ørsta / 70 04 52 20 / www.oseing.no																																										
ARKSTØRRELSE: A3	KONTROLL: PEV	MÅL: 1 : 250																																								
TEIKNA: MG	REVISJON:	DATO: 22.01.16																																								
TEIKNINGSNUMMER: 1340-400																																										

V3/C

Søknaden med journalnr. 2016-776
er forehåndsgodkjend av
Herøy kommune den 12/7-16



YTERVEGG: Type 1: 19 mm stående låvepanel, 23 mm lufting, vindsperre, 12 mm asfaltplate, 198 mm stender/iso, dampsperre, 48 mm påføring/iso, 12 mm OSB, 13 mm gips	INNERVEGG: Type 1: (R' w = 35 dB) 13 mm gips, 12 mm OSB, 148 mm stender/iso, 12 mm OSB, 13 mm gips. Type 2a: (R' w = 54 dB) 13 mm gips, 12 mm OSB, 98 mm stender/iso, 30 mm luft, 98 mm stender/iso, 12 mm OSB, 13 mm gips	Type 2b: (R' w = 60 dB) 13 mm gips, 13 mm gips, 12 mm OSB, 98 mm stender/iso, 30 mm luft, 98 mm stender/iso, 12 mm OSB, 13 mm gips, 13 mm gips	Type 4: (R' w = 48 dB) 13 mm gips, 12 mm OSB, 123 mm stender/iso, 12 mm OSB, 13 mm gips.	Belaervegg: Kies med Gustafs Linear Module mot gangareal.
--	---	--	--	---

PROSJEKTNUMMER: 1340

REVISJON: B
TEKNINGNUMMER: 300-102

TITTEL: Snitt 3, 4 og A

STATUS: Arbeidsteikning

Kontrollklasse:	NORMAL	Armering:	B500NC
Beskrivelse:	Eksp kl. Besl. heriskl. Betong	Overdekk:	
Fundament:	XC2 M60	B30	35
Belongvegg:	XC3 M60	B30	35
Belongsøy:	XF1 M45	B35	35
Utvendig betong:	XF3 MF45	B35	35
Golv på grunn:	XC3 M60	B30	35

ALLE MÅL KONTROLLERAST PÅ BYGGEPLASS

Sjå teikning 400-F01 for fundamenplan U.elt
Sjå teikning 400-F02 for fundamenplan 1.elt
Sjå teikning 400-U02 for planteikning Betong U.elt
Sjå teikning 400-U01 for planteikning Stål 1.elt
Sjå teikning 400-U03 for planteikning Stål U.elt

B	Arbeidsgiver	MÅL	27.06.16
A	Prosjekt	MÅL	27.06.16
F	Ervervsgiver	MÅL	27.06.16

TILTAKEHAR:
Herøy kommune
Rådhusgata 5
6090 Fosnavåg

TITTEL:
Snitt 3, 4 og A
Leikanger skule og grenadus
Tilbygg

OSE INGENIØRAR TAKSTMENN
Vikingsgate 19A, 4150 Ørsta
Tlf: 920 10 700
www.ose.no

ARKSTORRELSE:	A1	MÅL:	1:50
TEMA:	MG	KONTROLL:	JMA
REVISJON:	B	TEKNINGNUMMER:	300-102

CBS! UTSKRIFTA ER IKKJE I RETT MÅLESTOICK



er førehandsgodkjend av
Herøy kommune den.....

12/7-16

1340-113

